


# Det norske Folkeregisteret

*Er innholdet i buplikta, som bygger på reglane  
om folkeregistrering, tilstrekkeleg til å fatte  
avgjersler i saker om buplikt?*

Kandidatnummer: 214

Antal ord: 14 877



JUS399 Masteroppgåve

Det juridiske fakultet

UNIVERSITETET I BERGEN

10. mai 2024

# Innhold

<b>1</b>	<b>INNLEIING .....</b>	<b>3</b>
1.1	TEMA OG PROBLEMSTILLING .....	3
1.2	AKTUALITET .....	3
1.3	AVGRENSING AV OPPGÅVA .....	6
1.4	DEN VIDARE FRAMSTILLINGA .....	7
<b>2</b>	<b>METODE OG RETTSKJELDEBRUK .....</b>	<b>8</b>
2.1	RETTSDOGMATISK JURIDISK METODE .....	8
2.2	JURIDISK METODE VED TOLKING AV EMK OG EØS-AVTALA .....	11
<b>3</b>	<b>UTVIKLING AV RETTSTILSTANDEN.....</b>	<b>13</b>
3.1	INNLEIING .....	13
3.2	UTVIKLING AV REGELVERKET .....	13
3.2.1	<i>Bakgrunn for dagens reglar om buplikt i konsesjonslova.....</i>	<i>13</i>
3.2.2	<i>Sentralisering av folkeregisteropplysningane.....</i>	<i>16</i>
3.3	RETTSTILSTANDEN I DANSK RETT .....	18
3.3.1	<i>Innleiing .....</i>	<i>18</i>
3.3.2	<i>«Bopælspligt» i dansk rett.....</i>	<i>19</i>
3.3.3	<i>Festersen-saka.....</i>	<i>19</i>
3.3.4	<i>Oppsummering .....</i>	<i>21</i>
<b>4</b>	<b>UTFORDRINGAR MED BUSTADADRESSE I FOLKEREGERET SOM AVGJERANDE VILKÅR .....</b>	<b>22</b>
4.1	INNLEIING .....	22
4.2	GENERELT OM DET RETTSLEGE BUSTADOMGREPET .....	22
4.3	INNHALDET I BUPLIKTA I KONSESJONSLOVA .....	24
4.4	REGLANE OM BUSTAD I FOLKEREGERET.....	24
4.4.1	<i>Døgnkvilekrav .....</i>	<i>24</i>
4.4.2	<i>Særlege reglar om ektefelle og born .....</i>	<i>26</i>
4.4.3	<i>Moderne samlivsformer og folkeregisterreglane .....</i>	<i>26</i>
4.4.4	<i>Innføring og retting av opplysningar i Folkeregisteret.....</i>	<i>27</i>
4.4.5	<i>Kontroll med folkeregisteropplysningane .....</i>	<i>28</i>
4.5	GJENNOMFØRING AV KONTROLL MED BUPLIKT .....	29
4.5.1	<i>Kommunen og statsforvaltar som kontrollmynde.....</i>	<i>29</i>
4.5.2	<i>Folkeregisteret hindrar ytterlegare tiltak .....</i>	<i>30</i>

<b>5</b>	<b>OVERORDNA KRAV OG FØRINGAR FOR INNHALDET I OG KONTROLL MED BUPLIKT.....</b>	<b>32</b>
<b>5.1</b>	<b>INNLEIING .....</b>	<b>32</b>
<b>5.2</b>	<b>FASTLEGGING AV DEN REELLE BUSTADEN – UTVIKLINGSTREKK I NORSK RETTSPRAKSIS.....</b>	<b>33</b>
5.2.1	<i>Høgsterett sitt syn.....</i>	33
5.2.2	<i>Praksis frå Sivilombodet .....</i>	34
<b>5.3</b>	<b>KRAV OG FØRINGAR FRÅ EMK.....</b>	<b>35</b>
5.3.1	<i>Utgangspunktet.....</i>	35
5.3.2	<i>Eigedomsvernet etter EMK P1-1 og reglane om buplikt .....</i>	35
5.3.3	<i>Rekkevidda av kontrollregelen .....</i>	37
5.3.4	<i>Lindheim mfl. mot Noreg.....</i>	38
5.3.5	<i>Er ein meir omfattande kontroll med buplikt i tråd med kontrollregelen? .....</i>	39
<b>5.4</b>	<b>KRAV OG FØRINGAR I EØS-AVTALA.....</b>	<b>40</b>
5.4.1	<i>Kapitalreglane og forholdet til buplikt.....</i>	40
5.4.2	<i>Er ein meir omfattande kontroll med buplikt i tråd med artikkel 40?.....</i>	41
<b>6</b>	<b>AVVEGING AV MOTSTRIDANDE OMSYN .....</b>	<b>43</b>
<b>6.1</b>	<b>UTGANGSPUNKT.....</b>	<b>43</b>
<b>6.2</b>	<b>OMSYN SOM TALAR MOT EIN UTVIDA KONTROLL MED BUPLIKT .....</b>	<b>43</b>
6.2.1	<i>Individet sine rettar og plikter.....</i>	43
<b>6.3</b>	<b>OMSYN SOM TALAR FOR EIN UTVIDA KONTROLL MED BUPLIKT .....</b>	<b>44</b>
6.3.1	<i>Samfunnsmessig omsyn .....</i>	44
6.3.2	<i>Landbruksmyndigheitene sitt behov for korrekte opplysningar.....</i>	45
6.3.3	<i>Samarbeid og koordinering mellom stat og kommune.....</i>	46
<b>6.4</b>	<b>OPPSUMMERING .....</b>	<b>47</b>
<b>7</b>	<b>KVA ER EI HENSIKTMESSIG LØYSING?.....</b>	<b>48</b>
<b>7.1</b>	<b>INNLEIING .....</b>	<b>48</b>
<b>7.2</b>	<b>FØRSLAG TIL LØYSING .....</b>	<b>48</b>
7.2.1	<i>Samarbeid mellom Skatteetaten og landbruksmyndigheitene.....</i>	49
7.2.2	<i>Vurdering av den reelle bustaden .....</i>	50
<b>7.3</b>	<b>OPPSUMMERING .....</b>	<b>50</b>
	<b>KJELDEREGISTER .....</b>	<b>52</b>
	<b>VEDLEGG.....</b>	<b>62</b>

# 1 Innleiing

## 1.1 Tema og problemstilling

Temaet for denne oppgåva er korleis bustadopplysningane i Folkeregisteret utfordrar landbruksmyndigheitene si evne til å kontrollere buplikt på eigedomar. Den sentrale problemstillinga for oppgåva er om innhaldet i buplikta, som byggjer på reglane om folkeregistrering, er tilstrekkeleg til å fatte avgjersler i saker om buplikt. Her vil fokuset vere på samspelet mellom folkeregistrert adresse og vilkåret om at eigaren må ta eigedomen som sin reelle bustad for å oppfylle buplikt.

Oppgåva vil drøfte kva som må til for at landbruksmyndigheitene skal kunne føre best mogleg kontroll med buplikt. Her vil det gjennomførast ei samanlikning mot dansk rett. Vidare vil oppgåva undersøke om eit utvida innhald og ytterlegare kontroll med buplikt er i tråd med internasjonale forpliktingar. Denne delen av oppgåva vil omfatte eigedomsvernet i Den Europeiske Menneskerettighetskonvensjonen fyrste tilleggsprotokoll artikkel 1 (heretter P1-1) og EØS-avtala artikkel 40 om fri flyt av kapital.

## 1.2 Aktualitet

Problemstillinga set søkjeljos på kvar og korleis vi bur. Folkeregistrert adresse er avgjerande for samfunnsutvikling, offentlege inntekter og tenesteproduksjon i Noreg.<sup>1</sup> Under koronapandemien såg ein kor viktig folkeregistrert adresse er. Fleire kommunar sette i denne perioden restriksjonar på kven som kunne opphalde seg i den enkelte kommune.<sup>2</sup> Ein konsekvens var at fleire borgarar bytte bustadadresse i Folkeregisteret til fritidsbustaden sin, slik at dei kunne halde seg der til tross for restriksjonane. Dette utfordra kommunane sine tenestetilbod.<sup>3</sup> Regjeringa si forskrift om hytteforbod, som førte til at ingen kunne reise til fritidsbustader som låg utanfor den kommunen ein vart folkeregistrert i, viste ytterlegare korleis folkeregistrert adresse er eit ankerfeste for statleg kontroll.<sup>4</sup>

---

<sup>1</sup> Backer 2007: 121

<sup>2</sup> Løberg og Slåen, 2020

<sup>3</sup> Mon, 2017

<sup>4</sup> FOR-2020-03-15-294

På eit generelt plan har problemstillingar knytt til Folkeregisteret ført til store statlege systematiske feil, som til dømes Stortingspendlarbustadsaka.<sup>5</sup> Her hadde fleire stortingsrepresentantar hatt folkeregistrert adresse på heimstaden der dei vart valt som representant. Dette gav dei rett på pendlarbustad i tråd med Stortinget sine retningslinjer.<sup>6</sup> Etter kvart kjøpte fleire bustad i Oslo og omegn og retten til pendlarbustad fall bort. Dette førte til at representantane i realiteten misbruka regelverket og at fleire vart skuldig skatt til staten. Riksrevisjonen slo fast at Stortinget si leing hadde neglisjert risikoen for at eit uklart regelverk og manglande kontroll med ordningane kunne føre til ei slik tillitskrise.<sup>7</sup> Det har også vore saker knytt til valgjennomføring og skattestad.<sup>8</sup>

Alle desse sakene viser at folkeregistrert adresse har blitt vanskelegare å handheve. Samstundes vert adressa framleis nytta som eit sentralt vilkår for oppfylling av fleire rettar og plikter i samfunnet. Ei slik utvikling er problematisk for kontrollfunksjonen som er delegert til offentlege myndigheiter.<sup>9</sup>

Bustadadressa i Folkeregisteret har ei særleg direkte side opp mot buplikt på eigedom. Konesjonslova § 2 gjev kommunane myndigheit til å stille krav om at ein ervervar av fast eigedom må få konsesjon.<sup>10</sup> Då kan kommunen også stille vilkår om buplikt. I konsesjonslova § 6 må eigaren av eigedomen nytte den som sin «reelle bolig» for å oppfylle buplikta. Dette vilkåret er oppfylt når eigaren har folkeregistrert adresse på eigedomen etter reglane i folkeregisterlova § 5-1. Det er Skatteetaten som er ansvarleg registermynde for Folkeregisteret og skal dermed sikre at registeret er korrekt, fullstendig og oppdatert.<sup>1112</sup>

Problemstillinga har blitt stadig meir aktuell. I løpet av dei siste åra har det vore fleire saker i mediebletet som har omhandla utfordringar med kommunane sin kontroll med buplikt.<sup>13</sup> Dette har vore synleg i særleg landbrukstunge kommunar.<sup>14</sup> Statsforvaltarane uttrykkjer at det er utfordrande for både dei og kommunane å gjennomføre ein god kontroll med buplikt.<sup>15</sup> Dette

---

<sup>5</sup> Riksrevisjonen 2023: 8

<sup>6</sup> Stortinget 2021, (<https://www.stortinget.no/no/Stortinget-og-demokratiet/Lover-og-instrukser/retningslinjer-for-tildeling-av-stortingets-pendlerboliger/>)

<sup>7</sup> Riksrevisjonen 2023: 8

<sup>8</sup> Ulvik, 2023 og Solberg; Feratovic, 2020

<sup>9</sup> Lov 9. desember 2016 nr. 88 om folkeregistrering (folkeregisterlova) § 1-3

<sup>10</sup> Lov 28. november 2003 nr. 98 om konsesjon ved erverv av fast eiendom mv. (konesjonslova)

<sup>11</sup> Folkeregisterlova § 1-3

<sup>12</sup> Folkeregisterlova § 1-2

<sup>13</sup> Karlsen, 2023

<sup>14</sup> Gudbrandsdalen, 2022

<sup>15</sup> Vedlegg 2, 3, 4

vert grunngeve med at Skatteetaten ikkje prioriterar å gjennomføre tilstrekkeleg kontroll med eigarane si folkeregisteradresse.<sup>16</sup>

Som kontrollmyndigheit har kommunane ingen andre rettslege verktøy for å handheve buplikt enn å rapportere om feilregistreringar til Folkeregisteret.<sup>17</sup> Det har utvikla seg til å vere slik at nokre eigarar av særleg landbrukseigedomar bur på heilt andre stader enn på den eigedomen dei er folkeregistrert.<sup>18</sup> Motiva for dette kan vere så mangt, men praksisen kan likevel vere med på å undergrave lovgjevnaden på feltet og landbrukspolitikken.<sup>19</sup>

Landbruks- og matminister Geir Pollestad fekk seinast 29. februar 2024 spørsmål i Stortinget frå Sosialistisk Venstreparti om kva statsråden ynskjer å gjere for å hindre at konsesjonslova vert utvatna, ved at kapitalsterke investorar kan kjøpe gardsbruk med føremål om å leige ut bustadhus og jord.<sup>20</sup> Statsråden svara at dette i realiteten er spørsmål om kva for eigartilhøve og bruksstruktur ein ynskjer i Noreg, og må sjåast i samheng med lokale omsyn, interesser og nasjonale mål. Statsråden runda av med å seia at han vurderar å gjennomføre eit høyringsarbeid for eventuelle innstrammingar i konsesjonslova. Ei endringslov vart sendt på høyring 24. april 2024 og kan få tyding for problemstillinga.<sup>2122</sup>

Konsesjonslova er grunngeve ut i frå at enkelte erverv av fast eigedom kan vere i strid med samfunnet sitt behov for utnytting av eigedom.<sup>23</sup> Som følgje av heva arealgrenser i 2003 omfattar den lovbestemde buplikta i dag berre eigedomar med 35 dekar full- og overflatedyrka jord eller 500 dekar produktiv skog.<sup>24</sup> I kommunar med nullkonsesjonsforskrift vil det vere buplikt på fleire eigedomar.<sup>25</sup> Uavhengig av regelverket i den enkelte kommune, skal buplikt hindre at desse eigedomane vert ståande tomme eller nytta som fritidsbustad. På landbrukseigedomar vil buplikt kunne gjeva grunnlag for lokal næringsutvikling, samt at det kan auke fokuset på sjølvberging og norsk matproduksjon. Buplikt vil generelt også styrke

---

<sup>16</sup> Ibid

<sup>17</sup> Landbruks- og matdepartementet 2021: 52

<sup>18</sup> Karlsen, 2023

<sup>19</sup> Ibid

<sup>20</sup> Dokument nr.15:1321 (2023-2024), Landbruks- og matdepartementet, <https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Sporsmal/Skrifflige-sporsmal-og-svar/Skriflig-sporsmal/?qid=97808>

<sup>21</sup> Landbruks- og matdepartementet, 2024

<sup>22</sup> Sjå § 17a i lovforslaget, som vil gjeva landbruksmyndigheitene heimel til å få tilgang på teiepliktige opplysningar frå Folkeregisteret

<sup>23</sup> Ot.prp.nr.79 (2002-2003) kap. 3, punkt 3.4.

<sup>24</sup> Konsesjonslova § 5 andre ledd

<sup>25</sup> Konsesjonslova § 7

aktiviteten i lokalsamfunnet.<sup>26</sup> Dette er viktige perspektiv å ha med seg i den geopolitiske ustabile tida vi er inne i. Det norske samfunnet er avhengig av at folk vil bu på eigedomane og utnytte ressursgrunnlaget. På denne måten ser vi at landbruket og buplikt har ei multifunksjonell rolle i samfunnet vårt.

Ulike basisregister har også ei multifunksjonell rolle i samfunnet. Eit basisregister inneheld grunnleggande informasjon om ein bestemd type einhet og vert ofte nytta som fundamentale referanse kjelder i offentleg forvaltning, for næringslivet og andre område der nøyaktig og påliteleg data er nødvendig.<sup>27</sup> Informasjonen i Folkeregisteret får ei avgjerande tyding for nærmast all offentleg, personrelatert administrasjon og planlegging i offentleg forvaltning.

Det kan derimot stillast spørsmål ved om Skatteetaten har fått eit større fokus på rettleiing av brukarane enn å føre kontroll med Folkeregisteret og dei automatiserte bustadopplysningane som den enkelte kjem med. Dette får ringverknadar for kvaliteten på kontroll med buplikt.

### 1.3 Avgrensing av oppgåva

Denne oppgåva skal fokusere på kontroll med personleg buplikt på eigedom innanfor Noreg sine landegrensar. I den samanheng er det nokre sentrale omgrep som det er hensiktsmessig å forklare.

Konsesjon tyder å få ein offentleg tillating frå norske myndigheiter til eit erverv.<sup>28</sup> Buplikt kan setjast som eit vilkår for å få konsesjon på eigedom. Buplikt er ei plikt til å bu på eigedomen som vert erverva eller overteke.<sup>29</sup> Dette kan gjelde både for landbrukseigedomar av ein viss storleik og for eit vanleg bustadhus.<sup>30</sup>

Buplikt kan delast inn i tre kategoriar. Ei lovbestemt buplikt er eit vilkår for at personar med odelsrett eller nær slekt kan erverve landbrukseigedom konsesjonsfritt.<sup>31</sup> Den som ikkje kan eller ynskjer å busetje seg på eigedomen må då søkje konsesjon. Denne type buplikt kan oppstå dersom eigedomen har blitt nytta som heilårsbustad og eigedomen enten består av meir enn 35 dekar fulldyrka eller overflatedyrka jord, eller av meir enn 500 dekar produktiv skog.

---

<sup>26</sup> Norges Bondelag, <https://www.bondelaget.no/bondelaget-mener/eiendomspolitik/boplikt/>

<sup>27</sup> Bakke, 2024

<sup>28</sup> Konsesjonslova § 2

<sup>29</sup> Landbruks- og matdepartementet 2021:17

<sup>30</sup> Ot.prp.nr.44 (2008-2009) s. 18

<sup>31</sup> Konsesjonslova § 5

Kommunane kan også vedtaka buplikt i ei nullgrenseforskrift. Då vil den enkelte kommune be om at det innførast ei forskrift med ei utvida konsesjonsplikt for dei eigedomane som elles ville vore unnateke.<sup>32</sup> Dette vil føre til at vanlege bustadhus også vert omfatta av buplikt. Ei tredje type buplikt er buplikt som vilkår for konsesjon etter ei konkret vurdering.<sup>33</sup>

Det er vidare eit skilje mellom personleg og upersonleg buplikt.<sup>34</sup> Ved personleg buplikt må eigaren bu der sjølv, medan upersonleg buplikt gjev rom for at andre enn eigaren kan bu på eigedomen.<sup>35</sup>

Denne oppgåva vil fokusere på innhaldet i sjølve buplikta. Det vil vere hensiktsmessig å ha fokus på den personlege buplikta ettersom den er vanskeleg å kontrollere opp mot Folkeregisteret. Oppgåva vil ikkje skilje mellom dei tre ulike kategoriane av buplikt. Dette er ikkje nødvendig sett opp mot problemstillinga. Det gjevast likevel eit bakteppe, for å vise heilskapen.

## 1.4 Den vidare framstillinga

Denne oppgåva vil gjere greie for kva som er gjeldande rett i Noreg i dag. Samstundes vil den til slutt vurdere om det er behov for å endre den noverande rettstilstanden. Dette er det dei lærde kallar ein diskusjon om *de lege ferenda*.

For å gjeva ein oversikt vil kapittel 3 gjere greie for utviklinga av rettstilstanden på området og sjå på korleis reglane om buplikt og Folkeregisteret har utvikla seg. I kapittel 4 vil fokuset liggje på dei utfordringane som oppstår ved bruk av bustadadresse i Folkeregisteret som avgjerande vilkår for kontroll med buplikt. Kapittel 5 vil vurdere korleis eit utvida innhaldet i og kontroll med buplikt vert påverka av dei krav og føringar som vert stilt opp i norsk rettspraksis, samt i EMK og EØS-avtala. Kapittel 6 vil vurdere dei motstridande omsyna i problemstillinga. Til slutt vil oppgåva vurdere kva som er ei hensiktsmessig løysing på problemstillinga. Dagens rettstilstand vil problematiserast, samstundes som ein vil sjå den i ljøs av det regelverket som ligg til grunn for gjeldande rett.

---

<sup>32</sup> Konsesjonslova § 7

<sup>33</sup> Konsesjonslova § 11

<sup>34</sup> Landbruks- og matdepartementet 2014: 9

<sup>35</sup> Landbruks- og matdepartementet 2021: 14 og 20



## 2 Metode og rettskjeldebruk

### 2.1 Rettsdogmatisk juridisk metode

Denne oppgåva vil ta utgangspunkt i rettsdogmatisk juridisk metode. Målsetjinga er å systematisere rettsstilstanden og koma med forslag til kva som kan vere ei løysing på den aktuelle problemstillinga.<sup>36</sup>

Den sentrale problemstillinga for oppgåva fell i hovudsak innanfor rettsområdet tingsrett. Reguleringa av Folkeregisteret ligg innanfor rettsområdet skatterett. Samstundes vil oppgåva ta opp sentrale sider av forvaltningsretten, samt menneskerettar og EU/EØS-rett.

Utgangspunktet for oppgåva og den viktigaste rettskjelda, er konsesjonslova § 6.<sup>37</sup> Ordlyden i føresegna er klar og legg ikkje opp til noko særleg tvil. For å oppfylle buplikta må du ta eigedomen som din «reelle bolig». Denne hovudregelen byggjer på regelen i folkeregisterlova § 5-1, om kvar personar har sin faste bustad. Hovudregelen i § 5-1 slår fast at ein person skal reknast som busett der ein person tek sin «regelmessige døgnhvile». Ein sentral del av oppgåva vil vere å diskutere om det er tilstrekkeleg å byggje innhaldet i buplikta, og dermed sjølve kontrollen, på reglane i folkeregisterlova. For å svare på dette spørsmålet må ein vurdere øvrige rettskjelder.

Norske lovar vert ofte detaljregulert i forskriftsform.<sup>38</sup> Dette gjeld for reglane i folkeregisterlova, som er utdjupa i folkeregisterforskrifta.<sup>39</sup> Denne forskrifta må difor supplere tolkinga av folkeregisterlova § 5-1.<sup>40</sup>

Lovforarbeid vert også ei viktig rettskjelde for å vurdere bakgrunnen for reglane i konsesjonslova § 6. Dei kan ofte gjeva viktige opplysningar om bakgrunnen for ei lov og presisere meningsinnhaldet i den enkelte lovføresegna. Ikkje minst kan dei vise utviklinga av dagens reglar og kva for syn som ligg bak.

---

<sup>36</sup> Mæhle, 2005: 329

<sup>37</sup> Ordlyden vert gjort greie for i kap. 4.3

<sup>38</sup> Skoghøy 2018: 47

<sup>39</sup> Folkeregisterforskrifta § 1-1-1

<sup>40</sup> FOR-2017-07-14-1201

Lovbestemt buplikt vart innført som konsesjonsvilkår ved innføring av konsesjonslova i 1974, og kontroll med buplikt vart i hovudsak basert på «allmenne hensyn». I forslaget til endringslova i 2001 framheva Landbruksdepartementet at nye § 6a skulle slå fast innhaldet i buplikta og at det nå skulle bli sentralt kvar eigaren hadde sin verkelege bustad.<sup>41</sup> Det vart derimot gjort lite vurderingar kring gjennomføringa av ein slik kontroll i forarbeidet. Departementet peika på at reglane skulle harmonisere med reglane i folkeregisterlova og skattelovgjevningen. Vidare skulle det gjerast ei brei heilskapsvurdering av kvar den reelle bustaden var. Næringskomiteen gjekk på si side i mot dette forslaget i si innstilling.<sup>42</sup> Komiteen føreslo i staden eit enklare innhald i buplikta, for å lette på kontrollarbeidet. Det kom ei ytterlegare regelendring i 2009 som er opphav til dagens utfordringar.<sup>43</sup> Då skulle kontrollen med buplikt berre basere seg på folkeregistrert adresse og landbruksmyndigheitene skulle berre vurdere om eigaren var folkeregistrert på eigedomen.

Lovføremålet viser i likskap med lovforarbeida kva for omsyn som har vore styrande for lovgjevar ved utforming av regelverket.<sup>44</sup> Omsynet til busetnad, gode driftsløysingar og matsikkerheit er blant føremåla som ein skal sjå til ved tolking av konsesjonsregelverket.<sup>45</sup> Dei løysingane som fremjar desse omsyna vil vere av særleg interesse.

Høgsterett sitt syn er også ei tungvegande rettskjelde. I ei avgjersle frå 1997 slo Høgsterett fast innhaldet i buplikta og at buplikta måtte knyttast til ei heilskapsvurdering av om eigedomen var eigaren sin reelle bustad. Domen var også utgangspunktet for Landbruksdepartementet sitt forslag til endringslov i 2001.<sup>46</sup> Fyrstvoterande i domen viste til at bustadomgrepet er funksjonelt og må vurderast breitt. Domen viser at Høgsterett har hatt ei oppfatning av korleis problemstillinga kan løysast.<sup>47</sup>

Uttalingar frå Sivilombodet kan vere førande for utviklinga av forvaltningspraksis. Sivilombodet er direkte underlagt Stortinget og skal fungere som ei kontrollmekanisme overfor forvaltninga.<sup>48</sup> To saker frå 2022 kan nyttast som ein analogi for å sjå korleis andre primærnæringar fører kontroll med kvar folk bur.<sup>49</sup> Her uttala Sivilombodet seg om

---

<sup>41</sup> Ot.prp.nr.33 (2000-2001) punkt 4.4.2.3

<sup>42</sup> Innst.O.nr.61 (2000-2001) kapittel 5, Komiteens merknader; innhaldet i boplikten

<sup>43</sup> Ot.prp.nr.44 (2008-2009) s. 61

<sup>44</sup> Boe 2012: 140

<sup>45</sup> Konsesjonslova § 1

<sup>46</sup> Ot.prp.nr.33 (2000-2001) punkt 3.4.2 og 4.4.2.3

<sup>47</sup> Sjå kapittel 5.1

<sup>48</sup> Sivilombodet er regulert av lov om Stortingets ombudsmann for forvaltningen av 22. juni 1962 nr. 8, sjå § 4

<sup>49</sup> SOM-2022-2945 og SOM-2022-2957

framgongsmåten for fastsetjing av vilkåret reell bustad og tilknytning til Folkeregisteret ved innføring i fiskarmanntalet. I desse sakene kom det fram at Fiskeridirektoratet ikkje er bunden til dei faktiske bustadregistreringane som vert gjort i Folkeregisteret. Direktoratet har i instruks frå Næring- og Fiskeridepartementet fått ei utvida mynde til utføre ei heilskapleg vurdering av andre omstende i saka.<sup>50</sup> Det kan dermed bli lagt til grunn ein annan bustad enn den som er registrert i Folkeregisteret ved innføring i fiskarmanntalet. Det vert sentralt å samanlikne fiskerimyndigheitene sin rettslege kompetanse ved vurdering av fiskarar sin reelle bustad opp mot landbruksmyndigheitene og kontroll med buplikt.

Forvaltningspraksis vil gjeva ytterlegare perspektiv på problemstillinga. Som klageinstans i konsesjonssaker har Statsforvaltaren god innsikt i kva som er dei store utfordringane i bupliktsaker for kommunane og i si eiga klagebehandling. I forkant av oppgåva har alle statsforvaltarane blitt spurd kva dei meiner om problemstillinga og nesten alle har sendt ei uttaling.<sup>51</sup> Uttalingane vil vise korleis problemstillinga utartar seg i praksis. Nokre statsforvaltarar har lagt ved uttalingar frå og til Landbruksdirektoratet og Landbruks- og matdepartementet, samt frå Folkeregisteret. Denne forvaltningspraksisen vil ikkje ha tung rettskjeldemessig vekt, men vil kunne gjeva viktige perspektiv og vise kva som kan vere ei hensiktsmessig løysing på problemstillinga.

Ei side av problemstillinga har vore diskutert i juridisk teori. Inge Lorange Backer skreiv ein artikkel om det rettslege bustadomgrepet i 2007.<sup>52</sup> Her peika han på sentrale perspektiv kring bustadomgrepet og utfordringane ved bruk av eit funksjonelt og substansielt bustadomgrep. Artikkelen gjev relevante perspektiv inn i vurderinga av problemstillinga.

Reelle omsyn representerar samfunnet sitt syn på rettstilstanden og kan vere sentral i vurdering av kva korleis rettstilstanden bør vere. Rettskjelda ligg derimot langt frå lovgjevarviljen og har som utgangspunkt ikkje ein tung rettskjeldemessig verdi. Det er likevel gjennom slike omsyn at ein kan sjå at problemstillinga har blitt aktuell dei siste åra. Oppgåva vil diskutere konsekvensar av at kommunane ikkje har rettsleg kompetanse til å gjere meir enn å undersøke folkeregistrert adresse ved kontroll av buplikt. Her kan ein trekkje fram at tilliten til rettssystemet, staten og forvaltninga vert sett på prøve. Dette har nær samanheng med reelle omsyn. Manglande handheving frå Skatteetaten kan skape grobotn for ein tankegang om at

---

<sup>50</sup> Vedlegg 1

<sup>51</sup> Vedlegg 2-11

<sup>52</sup> Backer, 2007

særleg konsesjonslova ikkje er rettskraftig og ikkje treng å bli etterlevd. Då vil reelle omsyn tale for at systemet vert endra eller kraftig skjerpa inn.

## 2.2 Juridisk metode ved tolking av EMK og EØS-avtala

EMK og EØS-avtala kan innehalde både krav og føringar for innhaldet i buplikta og korleis landbruksmyndigheitene kan kontrollere buplikt på eigedomar. Det vert difor relevant å gjeva nokre metodiske utgangspunkt.

Gjennom menneskerettslova § 2 vart EMK inkorporert i norsk lov.<sup>53</sup> Konvensjonen skal gjevast forrang dersom det oppstår motstrid mellom norske lovføresegner og EMK, jf. menneskerettslova § 3.

Det er den europeiske menneskerettsdomstolen, EMD, som skal tolke og utfylle føresegnene i konvensjonen.<sup>54</sup> Domstolen ser til tidlegare praksis og nyttar ein dynamisk tolkingsstil for å klarleggje innhaldet i menneskerettane. Norske domstolar må følgje denne metoden for å sikre ein einsarta og uniform tolking av menneskerettane.<sup>55</sup> Målsetjinga er at konvensjonen skal vere i takt med samfunnsutviklinga og det er bakgrunnen for at EMD ofte kallar konvensjonen for eit levande instrument.<sup>565758</sup>

Konvensjonsstaten si eiga praksis får tyding ved tolking av EMK. I ljøs av subsidiaritetsprinsippet, har nasjonale myndigheiter eit visst rom for å utøve politisk skjønn om korleis rettane og pliktene i EMK best kan ivaretakast opp mot nasjonale rettsreglar.<sup>59</sup> Dette vert kalla for den enkelte stat si skjønnsmargin.<sup>60</sup> EMD må i ei viss utstrekning ta omsyn til denne skjønnsmarginen ved vurdering av om det føreligg eit inngrep i konvensjonsrettane. Inngrepet må ha heimel i lov, ivaretaka eit legitimt føremål og vere forhaldsmessig.<sup>61</sup> Kor vid skjønnsmarginen staten har vil avhenge av kva for rett staten skal avgrense, kor tyngande avgrensinga er og om nasjonale myndigheiter har gjennomført ein grundig prosess.<sup>62</sup>

---

<sup>53</sup> Lov 21. mai 1999 om styrking av menneskerettighetenes stilling i norsk lov (menneskerettslova)

<sup>54</sup> EMK art. 32 nr. 1

<sup>55</sup> Rt-2005-833 punkt 45

<sup>56</sup> Ibid og Elgesem 2003: 214

<sup>57</sup> Aall 2018: 39

<sup>58</sup> *Tyrer mot Storbritannia* [J] 1978, no. 5856/72 og Aall 2018: 39

<sup>59</sup> Aall 2018: 43

<sup>60</sup> Ibid s. 154

<sup>61</sup> Strand og Larsen 2015: 223

<sup>62</sup> Aall 2018 s. 154-156

EØS-avtala vart inkorporert i norsk rett gjennom EØS-lova § 1.<sup>63</sup> Ved motstrid skal føresegnene i avtala gjevast forrang i norsk rett, jf. § 2. Bruken av EØS-rett i norsk rett kan gjennomførast ved tre trinn: fyrst identifisere den EU-rettslege regelen, så identifisere den EØS-rettslege regelen ved å vurdere eventuelle ulikskapar i EØS-avtala og til slutt analysere den EØS-rettslege regelen si gjennomslagskraft i norsk rett.<sup>64</sup>

Eit sentralt tolkingsprinsipp i EØS-retten er prinsippet om EØS-konform tolking. Dette inneber at norske domstolar ved tolking av nasjonal rett, så langt det er mogleg, skal tolke den i samsvar med EØS-retten.<sup>65</sup> Vidare står homogenitetsprinsippet sentralt. Prinsippet legg føringar for at EØS-avtala sine føresegner skal tolkast i samsvar med dei parallelle føresegnene i EU-retten.<sup>66</sup>

---

<sup>63</sup> Lov 27. november 1992 nr. 109 om gjennomføring i norsk rett av hoveddelen i avtale om Det europeiske økonomiske samarbeidsområde (EØS) m.v.

<sup>64</sup> Stemsrud 2020: 108

<sup>65</sup> Ibid s. 123

<sup>66</sup> Ibid s. 115

# 3 Utvikling av rettstilstanden

## 3.1 Innleiing

I kraft av å vere konsesjonsmynde har kommunane ansvaret for kontroll med buplikt.<sup>67</sup> Denne kontrollen byggjer på opplysningane i Folkeregisteret.<sup>68</sup> Samstundes er det Skatteetaten som har ansvar for opplysningane i Folkeregisteret.<sup>69</sup> Slik har det ikkje alltid vore.

Ved å sjå tilbake på korleis regelverket har utvikla seg, kan ein sjå at det har vore ulike meiningar om korleis innhaldet i og kontroll med buplikt bør praktiserast. Det har også blitt gjort fleire endringar i organiseringa av Folkeregisteret. I det følgjande skal det gjerast greie for utviklinga av reglane om buplikt og organiseringa av Folkeregisteret.

## 3.2 Utvikling av regelverket

### 3.2.1 Bakgrunn for dagens reglar om buplikt i konsesjonslova

I dag er konsesjonslova eit viktig verktøy for offentleg kontroll av fast eigedom i Noreg.<sup>70</sup> Konsesjonsplikta strekk seg tilbake til 1888 då Statsborgarlova vart innført. Då vart det sett krav om at alle utanlandske borgarar måtte søkje konsesjon ved kjøp av fast eigedom.<sup>71</sup> På byrjinga av 1900-talet vart det utvikla ei rekke midlertidige konsesjonslovar, som etterkvart også byrja å omfatte norske borgarar og selskap.<sup>72</sup>

Dei fyrste konsesjonslovane uttrykte at konsesjon kan gjevast når «allmenne hensyn» talar for det.<sup>73</sup> Slik sikra konsesjonsmyndigheitene seg fridom til å leggje vekt på ulike moment ved behandling av konsesjonssøknadane.<sup>74</sup> Det fanst ingen føremålsparagraf og dei ålmenne omsyna vart dermed styrande. I 1959 vart det innført ei føresegn om at konsesjon skal nektast

---

<sup>67</sup> Landbruks- og matdepartementet har myndigheit til å gjeva konsesjon, jf. konsesjonslova § 2. Denne myndigheita er delegert til kommunen der eigedomen ligg, jf. § 2 andre setning.

<sup>68</sup> Sjø innhaldet i buplikta i konsesjonslova § 6

<sup>69</sup> Folkeregisterlova § 1-3

<sup>70</sup> Falkanger og Falkanger (2007) s. 451

<sup>71</sup> Ot.prp.nr. 6 (1972-1973) s. 4

<sup>72</sup> Ibid

<sup>73</sup> Ibid s. 8

<sup>74</sup> Ibid

der det er «grunn til å anta at det foreligger spekulasjon eller at søkeren først og fremst tar sikte på kapitalplassering.»<sup>75</sup> Dette vart eit steg på vegen mot ein føremålsparagraf, som skulle leggje førande omsyn for vurderingane i konsesjonssakene.

Då konsesjonslova vart innført i 1974 vart det innført konsesjonsplikt for all fast eigedom.<sup>76</sup> Det vart samstundes mogleg å stille buplikt som vilkår for konsesjonsfridom. Vilkår om buplikt skulle gjelde nære slektningar og personar med odel ved erverv av landbrukseigedom.<sup>77</sup> Hovudmålsetjinga var å sikre «*slike eier- og bruksforhold som er mest gagnlige for samfunnet.*»<sup>78</sup> Føremålet med ein slik regel var på den eine sida å halde landbruksareala i hevd. Ein ville sikre at landbrukseigedomane i størst mogleg grad vart eigd og budd på av brukarane sjølv, for slik å sikre busetnad.<sup>79</sup> Samstundes var det også eit mål å arbeide for auka aktivitet i distrikta.

I forarbeida til den nye konsesjonslova vart det framheva at konsesjonsmyndigheitene ved hjelp av konsesjonslovgjevnaden ynskte å bidra til «*slike eierforhold for skog-, jord- og fjellstrekninger som allmenne hensyn til enhver tid tilsier.*»<sup>80</sup> For å oppnå dette vart søknad om konsesjon på gardsbruk vanlegvis avsele dersom ervervaren ikkje kunne gjeva ei erklæring på at han skulle bu fast på eigedomen for å drive den på forsvarleg måte i minst 5 år.<sup>81</sup>

I konsesjonslova av 1974 § 6 nr. 1 vart buplikt ein personleg plikt, men det vart ikkje gjeve retningslinjer for kva det ville seia å bu på eigedomen.<sup>82</sup> I rundskriv M-29/95 gjorde Landbruksdepartementet eit forsøk på å gjeva retningslinjer for innhaldet i buplikta. Det vart lagt til grunn at eigaren måtte ha eigedomen som sin «reelle bolig». Vilkåret skulle vurderast ut i frå ei heilskapsvurdering basert på ei rekke moment, mellom anna ervervaren si opphaldstid på eigedomen, registrering i folkeregisteret, kvar familien bur og lokal oppfatning av om familien er integrert i lokalmiljøet. Retningslinjene bygde på det som vart lagt til grunn av Høgsterett i Rt. 1997 s. 1099.<sup>83</sup>

---

<sup>75</sup> Ibid

<sup>76</sup> LOV-1974-05-31-19

<sup>77</sup> Ot.prp.nr.33 (2000-2001) s. 12

<sup>78</sup> Landbruks- og matdepartementet 2014: 4

<sup>79</sup> Ot.prp.nr. 44 (2008-2009) s. 19

<sup>80</sup> Ibid

<sup>81</sup> Ibid

<sup>82</sup> Ot.prp.nr.33 (2000-2001) s. 13

<sup>83</sup> Ibid

I endringslova frå 2001 skulle omsynet til busetnad få større vekt enn før.<sup>84</sup> I tilknytning til buplikt var målet å styrke føremålsparagrafen, endre innhaldet i bustadvilkåret og vilkåra for å gjeva fritak frå lovbestemt buplikt.<sup>85</sup> Fleirtalet i Næringskomiteen gjekk dermed inn for å skjerpe krava til buplikt.<sup>86</sup> Departementet la fram eit forslag om lovfeste innhaldet i buplikta. Forslaget var å halde fram med vilkåret om at eigaren måtte ha eigedomen som sin reelle bustad. Dette vilkåret var oppfylt dersom hen både vart folkeregistrert som busett på eigedomen og overnatta meir enn 70 % av dagane der.<sup>87</sup> For å fylle innhaldet i buplikta vart det vist til retningslinjene i rundskriv M-29/95.

Det er sentralt å sjå på dei forslaga departementet la fram i forbindelse med vedtaking av endringslova frå 2001 og kva som faktisk vart vedteke av Næringskomiteen. Fleirtalet i komiteen støtta fyrste del av forslaget til ny § 6a om innhaldet i buplikta, der den reelle bustaden vart knytt opp mot folkeregistrert adresse. Fleirtalet meinte derimot at for detaljerte reglar som vanskeleg kunne førast kontroll med ville føre til strid om enkeltsaker. Dette ville heller ikkje vere i tråd med føremålet om enklare reglar og redusert ressursbruk. Komiteen kom med eit nytt forslag til lovtekst, der dei føreslo eit krav om at eigaren måtte overnatte minst 50 % på eigedomen i staden for 70 %.<sup>88</sup> Det vart altså ikkje samsvar mellom departementet og komiteen sitt endelege forslag om innhaldet i buplikta.

Dagens konsesjonslov vart vedteke i 2003. Denne lova gjorde ikkje noko endringar knytt til innhaldet i buplikta, men konsesjonsgrensa for «bebygd» eigedom vart heva slik at det vart konsesjonsplikt på eigedomar med eit samla areal på meir enn 100 dekar eller der meir enn 20 dekar av arealet vart fulldyrka. Desse nye arealgrensene førte til at færre landbrukseigedomar vart omfatta av føresegnene om bu- og driveplikt.<sup>89</sup> I forarbeida vart det presisert at eit klarare innhald i buplikta skulle føre til betre rettssikkerheit for eigaren av eigedomen og gjere det enklare for det offentlege å føre kontroll med at buplikta vart oppfylt.<sup>90</sup> I den nye lova vart konsesjonsmyndigheita flytt frå departementet og over til kommunane.<sup>91</sup> Føremålet var å styrke lokaldemokratiet på landbruksområdet.<sup>92</sup>

---

<sup>84</sup> St.meld.nr.19 (1999-2000) om norsk landbruk og matproduksjon s. 8

<sup>85</sup> Ibid

<sup>86</sup> Ibid s. 5

<sup>87</sup> Ibid. s. 6

<sup>88</sup> Ibid, kap. 5, punktet om innhaldet i buplikta

<sup>89</sup> Ot.prp.nr.33 (2000-2001) s. 5

<sup>90</sup> Ibid s. 62, punkt 6.3

<sup>91</sup> Landbruks- og matdepartementet 2009:6 punkt 3.1

<sup>92</sup> Ibid



Endringane i konsesjonslova frå 2009 har fått stor tyding for kontroll med buplikt. Då vart det vedteke endringar i innhaldet i buplikta og § 6 andre ledd vart fjerna.<sup>93</sup> Denne føresegna gav rom for å oppfylle buplikt på eigedomen på annan måte enn ved å berre vere folkeregistrert i Folkeregisteret. Eigaren kunne kontakte kommunen med ei løysing dersom han i løpet av året overnatta på eigedomen minst 50 %, men på grunn av at familien hadde bustadadresse på ein annan stad ikkje vart folkeregistrert på eigedomen. Departementet skulle då avgjere om buplikta kunne bli overhalde slik eigaren gjorde greie for. Føremålet med denne lovendringa var å gjere innhaldet i buplikta endå enklare å praktisere og meir tydeleg. Regelen innebar at konsesjonsmyndigheitene måtte kontrollere kvar eigaren hadde sin overvegande del av døgnkvila og dette kunne vere utfordrande å handheve.

Konsesjonslova har gjennom tidene vore ein viktig bidragsytar for å imøtekoma føremåla om aktivitet i distrikta og styrking av busetnad. Kommunane har fått delegert mynde til å gjeva konsesjon og har ved å setje vilkår om buplikt hatt eit tradisjonelt verkemiddel for å fremje desse føremåla.<sup>94</sup>

### **3.2.2 Sentralisering av folkeregisteropplysningane**

Dagens folkeregister er underlagt Skatteetaten og det er etaten som er ansvarleg registermynde.<sup>95</sup> Utviklinga fram mot denne ansvarsfordelinga er sentral for problemstillinga.

Skatteetaten er i dag bygd opp av eit direktorat og seks divisjonar.<sup>96</sup> Divisjonane har landsdekkande ansvar for sine fagområde, som inkluderar informasjonsforvaltning, brukardialog, innsats, innkreving, utvikling og IT.<sup>97</sup> Desse oppgåvene er fordelt rundt på 57 ulike skattekontor, som løyser oppgåver på etat- og nasjonalt nivå. Folkeregisteret er underlagt divisjonen informasjonsforvaltning, men har ikkje alltid vore organisert slik.

Det fyrste frivillige folkeregisteret vart oppretta i 1905. Då fekk kommunen rett til å krevje medverknad frå borgarane til eit folkeregister der dei vart pålagt å melde flytting innad i

---

<sup>93</sup> Sjø lov 19. juni 2009 nr. 98 om endring av lov om odelsretten og åsetesretten, lov om konsesjon ved erverv av fast eiendom mv. og lov om jord mv, særleg § 6

<sup>94</sup> Konsesjonslova § 1

<sup>95</sup> Folkeregisterlova § 1-3

<sup>96</sup> Skatteetaten, <https://www.skatteetaten.no/om-skatteetaten/om-oss/organisasjon-og-ledelse/organisasjonen/>

<sup>97</sup> Ibid

kommunen og mellom kommunar.<sup>98</sup> Folkeregisterlova frå 1946 overførte ansvaret til Skatteetaten og Statistisk Sentralbyrå,<sup>99</sup> som heldt oversyn med dei kommunale registera.<sup>100</sup>

I forarbeida vart det presisert at bakgrunnen for å opprette obligatoriske folkeregister i kommunane var å skape eit hjelpemiddel for den kommunale administrasjonen, samt administrere skatt-, val- og befolkningsstatistikk.<sup>101</sup> Folkeregisteropplysningane var dermed tidleg avgjerande for arbeidet i offentleg forvaltning.

I 1970 kom ei ny lov om folkeregistrering. Kvar enkelt kommune hadde eit eget likningskontor som førte og kontrollerte opplysningane manuelt.<sup>102</sup> Staten v/SSB hadde ansvaret for å føre tilsyn med desse. Ved å ha kontorstad i kvar kommune fekk kommunane nærleik til folk og til folkeopplysningane. Dette gjorde det enkelt å kontrollere og ikkje minst kvalitetssikre informasjonen som vart gjeve.<sup>103</sup>

I 1994 vart dei lokale folkeregistera erstatta av eit statleg sentralt register.<sup>104</sup> Då utgjorde ikkje folkeregistera ein organisatorisk einhet i kommunane lenger. Omorganisering av likningsforvaltninga i 2002 førte til at den lokale vedtaksmynda på folkeregisterområdet vart lagt til dei 99 likningskontora som nå vart oppretta.<sup>105</sup>

På bakgrunn av høyringsarbeid og rapportar konkluderte Finansdepartementet i 2004 med at det var behov for modernisering av Folkeregisteret, for å levere betre persongrunndata i offentleg sektor.<sup>106</sup> Stortinget vedtok å omorganisere heile Skatteetaten i 2006 og den vart gjennomført i 2008 som den største sidan organisasjonen si oppretting.<sup>107</sup> Den nye organiseringa gjekk ut på at oppgåver og skattekontor skulle vere fordelt på fem regionar. Ein skulle gå vekk frå ein stadbunden struktur. Likningskontor, fylkesskattekontor og skattefutkontor vart dermed lagt ned og erstatta med skattekontor fordelt på fem regionar.<sup>108</sup>

---

<sup>98</sup> Finansdepartementet 2015: 6

<sup>99</sup> Lov 15 nov 1946 nr 2 Folkeregisterloven

<sup>100</sup> Finansdepartementet 2015: 6

<sup>101</sup> Prop. 164 L (2015-2016) s. 16

<sup>102</sup> Grunndatarapporten, 2007: 7

<sup>103</sup> Ibid

<sup>104</sup> Ot.prp.nr.1 (2006-2007) s. 37

<sup>105</sup> Ibid s. 37

<sup>106</sup> Grunndatarapporten, 2007 s. 7

<sup>107</sup> Innst. O. nr. 10 (2006-2007) punkt 3.1.4

<sup>108</sup> Ibid

I 2017 kom dagens folkeregisterlov og var i hovudsak ein teknisk revisjon og vidareføring av gjeldande regelverk. Samstundes meinte Datatilsynet at lovforslaget hadde særlege personvernkonsekvensar med omsyn til fare for feil og misbruk.<sup>109</sup> Dette vart grunngeve med at folkeregistermyndigheita ikkje ville ta på seg ansvar for å kontrollere opplysningane som kom inn frå andre myndigheiter og samstundes innførte eit krav om sannsynsovervekt for å kunne rette opp i feil eller mangelfulle opplysningar. Lova vart likevel vedteke.

Frå 1. januar 2019 vart Skatteetaten omorganisert på nytt med landsdekkande divisjonar framfor regionar. I ei tid der skattefundamentet er under stadig større press, fekk Skatteetaten i oppgåve å skape ein mindre byråkratisk organisasjon, effektivisere styringsstrukturen og skape færre og større fagmiljø. Resultatet var ei heildigitalisering og ei organisering som la grunnlaget for ein desentralisert, landsdekkande oppgaveløysing i Skatteetaten.<sup>110</sup>

### 3.3 Rettstilstanden i dansk rett

#### 3.3.1 Innleiing

Det vil ofte vere nyttig å sjå korleis andre land handterer ulike juridiske problemstillingar, særleg våre nordiske naboland som byggjer på ein liknande rettstradisjon. På den måten kan norsk rett hente inn erfaringsgrunnlag og sjå kor strengt eller liberalt desse landa handhevar ulike rettslege fenomen. I denne samanheng vil det vere nyttig å sjå korleis Danmark har regulert innhaldet i buplikta og korleis dei gjennomfører kontroll med buplikt på eigedom. Dette vil gjeva ein viktig dimensjon til problemstillinga, slik at ein kan samanlikne korleis andre land kontrollerar buplikt.

Danmark innførte reglar om buplikt på landbrukseigedom i 1973.<sup>111</sup> Føremålet med innføringa var å unngå etablering av såkalla «fjerneje», i samsvar med tradisjonell jordpolitikk.<sup>112</sup> Andre føremål har vore å hindre at EØS-borgarar skal kjøpe opp store landbruksareal og ynskje om å sikre busetnad og aktivitet i distriktet.<sup>113</sup> Dette er i hovudsak likt som føremåla bak reglane i den norske konsesjonslova.<sup>114</sup>

---

<sup>109</sup> Datatilsynet, 2015

<sup>110</sup> Skatteetaten 2017: 4

<sup>111</sup> Ot.prp.nr.33 (2000-2001) vedlegg 1 *Danske regler om boplikt på landbrukseiendom*

<sup>112</sup> Ibid

<sup>113</sup> VEJ nr 9702 af 23/06/2022 punkt 1.5 *Landbrugslovens formål*

<sup>114</sup> Konsesjonslova § 1

### 3.3.2 «Bopælspligt» i dansk rett

Noreg og Danmark har generelt store likskapar når det gjeld reglar om konsesjon på eigedom.

Den danske regelen om buplikt følgjer av lov om landbrugsejendomme (landbrugsloven) av 6.februar 2020 § 8. Her vert det slått fast følgjande:

*«Pligten til fast bopæl ved erhvervelse af en landbrugsejendom, jf. §§ 12-16, skal opfyldes af en erhverver i 10 år. (...) Pligten skal opfyldes ved, at erhververen tager fast bopæl på den pågældende landbrugsejendom eller på en anden landbrugsejendom, som den pågældende eller dennes ægtefælle eller samlever er ejer eller medejer av. Boligen skal være hovedbopæl i skattemæssig forstand.»*

I rettleiaren til Landbrugsloven kapittel 5 om «Bopælspligt» vert det slått fast i avsnitt 5.1 at «Personen skal reelt bo på ejendommen og overnatte på den, medmindre der er tale om særlige forbigående omstændigheder.»<sup>115</sup>

Ved tvil om personen bur på eigedomen, kan landbruksmyndigheitene leggje vekt på om personen er folkeregistrert i «Det Centrale Personregister» på eigedomen, om personen har sin skattemessige bustad der, om eigedomen vert nytta som fast heilårsbustad (minimum 250 dagar i året), om personen har full råderett over bustaden, om eigaren overnattar i bustaden, bur saman med ektefelle, sambuar og/eller born under 18 år, har innbuet sitt på eigedomen og om personen har ein normal hushaldning der.<sup>116</sup>

Framstillinga av danske reglar viser at innhaldet i danske bupliksreglar på landbrukseigedom er strengare enn dei norske reglane. Ein dansk eigar må bu på eigedomen minimum 250 dagar i året og buplikta gjeld i 10 år. Det er mogleg å få dispensasjon, men vilkåra for dette er strenge. Dersom eigaren mislegheld buplikta, kan hen risikere straffesanksjonar.<sup>117</sup>

### 3.3.3 Festersen-saka

I januar 2007 fatta EU-domstolen ei viktig og prinsipiell avgjersle om bupliksreglar i dansk rett, C-370/05 *Festersen*. Denne avgjersla er relevant for samanlikning av norsk og danske reglar om buplikt.

---

<sup>115</sup> Regelbekendtgørelse: BEK nr 561 af 06/05/2022 kapittel 5

<sup>116</sup> Vejledning til lov om landbrugsejendomme: VEJ nr 9702 af 23/06/2022 punkt 5.2

<sup>117</sup> Ot.prp.nr.33 (2000-2001) vedlegg 1 *Danske regler om boplikt på landbrugseiendom*

Saka omhandla lovbestemt buplikt på landbrukseigedom under 300 dekar for ein tysk eigar. Danske bupliksreglar sa på dette tidspunktet at eigaren sjølv måtte busetje seg på eigedomen i 8 år. Det kunne gjevast dispensasjon for denne personlege buplikta, men reglane var strenge. Dersom buplikta vart misleghalde ville landbruksmyndigheitene kunne setje inn strafferettslege tiltak mot eigaren.

Saka vart anka til EU-domstolen og domstolen fann at dei danske reglane om buplikt var i strid med kravet om fri flyt av kapital og personar i EU-traktata artikkel 56 og 43. Dette utgjer EØS-avtala artikkel 40.

I avsnitt 26 slo domstolen fast at buplikt kan tillast dersom den ivaretek eit føremål som kjem ålmenta til gunst, ikkje nyttast på ein diskriminerande måte og er i tråd med proporsjonalitetsprinsippet. Buplikta må dermed vere eigna til å gjennomføre føremålet og ikkje gå lenger enn det som er nødvendig for å nå dette målet.

EU-domstolen meinte at den danske føresegna om personleg buplikt sette restriksjonar på retten til å velje bustad. Vidare gjekk buplikta lenger enn det som var nødvendig. Det var andre, mindre inngripande verkemiddel som kunne vore nytta for å sikre eit lågare prisnivå ved omsetning av landbrukseigedom. EU-domstolen la til grunn at det ved vurderinga av om buplikta er i tråd med proporsjonalitetsprinsippet, måtte takast omsyn til at buplikta både legg band på den frie kapitalbevegelse, men også ervervaren sin rett til å velje opphaldsstad.<sup>118</sup>

I avsnitt 43 slo EU-domstolen fast ei anna sentral side i saka. Danske landbruksmyndigheiter si kompetanse til å dispensere frå buplikta ved særlege omstende, gav ikkje førehandsvisse for potensielle kjøparar til å finne ut kva for situasjonar det kan gjevast dispensasjon frå buplikta. Denne uklarheita ved reglane gjorde det ikkje mogleg for borgarane å vurdere sine rettar og plikter opp mot EU-retten. Dette var i strid med sentrale rettssikkerheitsprinsipp.

Dei danske reglane om buplikt vart difor endra i etterkant av avgjersla. Endringane førte til at det vart innført upersonleg buplikt på eigedom under 300 dekar. Danske landbruksmyndigheiter heldt fram med å krevje personleg buplikt på eigedom over 300 dekar i 8 år. Denne tidsperioden er nå endra til 10 år.

---

<sup>118</sup> Ot.prp.nr.44 (2008-2009) punkt 5.2

Reglane om upersonleg buplikt vart grunngeve i omsynet til busetjing og eit ynskje om å hindre spekulasjon på små eigedomar.<sup>119</sup> Dersom eigaren vil oppfylle buplikta ved å leige bort eigedomen, kan ikkje eigaren opphalde seg på eigedomen med mindre dette skjer i samanheng med drifta. Dette skulle hindre at eigedomen vart nytta til fritidsføremål.

I ljøs av Festersen-saka har det norske Landbruks- og matdepartementet uttala at domen ikkje hindrar den norske buplikta slik den er i dag.<sup>120</sup> Dei norske reglane skil seg frå dei danske ved at det ved manglande oppfyljing av buplikta skal utførast ei konkret og individuell vurdering av behovet for busetnad. Dei norske reglane er meir nyanserte og gjev større førehandsvisse. Det kan også visast til ulikskapar i topografi og geografi mellom landa, som kan ha tyding for verknaden av buplikta. Samstundes vart det peika på at innhaldet i EØS-avtala artikkel 40 og Festersen-saka ikkje gjev eit klart bilete av dei krav som den nasjonale lovgjevningen må følgje for å vere i tråd med EØS-retten. Dette er ei ulempe for norsk og dansk rett.<sup>121</sup>

### 3.3.4 Oppsummering

Denne komparative samanfatninga av norsk og dansk rett viser skilnaden mellom rettsordningane når det gjeld innhaldet i og kontroll med buplikt. Samanlikninga viser at danske bupliktsreglar er strengare enn dei norske og at landbruksmyndigheitene kan undersøke eigaren sin livssituasjon for å slå fast kvar eigaren har sin reelle bustad. Dette gjev offentlege myndigheiter eit større handlingsrom dersom det er tvil om buplikta er oppfylt og ein reell moglegheit til å føre kontroll.<sup>122</sup> Festersen-saka har vore avgjerande for utviklinga av danske bupliktsreglar. Den har også påverka handlingsrommet til norske landbruksmyndigheiter. I domen vart det klart at danske reglar har vore for strenge og for lite prega av skjønn og førehandsvisse for borgarane.

---

<sup>119</sup> Ibid

<sup>120</sup> Ibid s. 43

<sup>121</sup> Ibid

<sup>122</sup> Ot.prp.nr.33 (2000-2001) Vedlegg 1. Danske regler om boplikt på landbrukseiendom

# 4 Utfordringar med bustadadresse i Folkeregisteret som avgjerande vilkår

## 4.1 Innleiing

Det rettslege bustadomgrepet er ofte eit sentralt vilkår for ulike rettar og plikter i samfunnet og for kvar desse skal bli tildelt. Det er også avgjerande for det økonomiske ansvaret ved tildeling av offentlege tenestar og for folkeregisterregelverket.<sup>123</sup> Innhaldet i bustadomgrepet byggjer i mange tilfelle på folkeregistrert adresse. Samstundes gjev kommunane og statsforvaltarane uttrykk for at Skatteetaten i liten grad set i verk tiltak der det vert meldt i frå om feilregistreringar i Folkeregisteret.<sup>124</sup> Det er ei utfordring at Folkeregisteret ikkje er oppdatert, men samstundes styrande for rettar og plikter i samfunnet.

I det følgjande vil det bli gjort greie for det rettslege bustadomgrepet og dei utfordringane som bustadopplysningane i Folkeregisteret fører med seg for innhaldet i og kontroll med buplikt.

## 4.2 Generelt om det rettslege bustadomgrepet

Ordlyden i det rettslege omgrepet «bustad» tilseier at det dreier seg om den staden du som borgar har din faste tilhaldsstad på. Frie grenser innanfor EØS-området har gjort det enklare å flytte på seg, samt lagt til rette for fleksible arbeidsforhold.<sup>125</sup> Dette fører til at det i 2024 ikkje er opplagt kvar personar har sin faste tilhaldsstad. Denne mobiliteten bidreg til å leggje til rette for at dagens bustadomgrep kan kallast for eit dynamisk omgrep.<sup>126</sup> Det har både fordelar og ulemper ved seg.

Inge Lorange Backer har skrive ein artikkel om det rettslege bustadomgrepet og slår fast at omgrepet rettar seg mot den territorielle tilknytninga ein fysisk person har.<sup>127</sup> Ei slik territoriell tilknytning kan vekse fram gjennom statsborgarskap, arbeidsstad eller opphaldsstad. Tilknytninga har vidare tyding for ei rekke rettsreglar med svært ulike rettsverknadar.

---

<sup>123</sup> Backer 2007: 121

<sup>124</sup> Vedlegg 4

<sup>125</sup> Backer 2007: 120

<sup>126</sup> Ibid s. 121

<sup>127</sup> Ibid

Eit dynamisk bustadomgrep som tek utgangspunkt i ein territoriell tilknytning kan gjeva opphav til utfordringar. I norsk rett er det fleire rettsreglar som nyttar bustadomgrepet som eit vilkår for ei bestemd rettsverknad og omgrepet tener i mange samanhengar som eit bevisgrunnlag for vilkår i rettsreglane.<sup>128</sup> Døme på dette er konsesjonslova og regelen om buplikt, skattelova og regelen om skattestad og vallova og regelen om kvar ein skal vere valbar. Backer skriv i denne samanheng om skilnaden mellom eit funksjonelt og eit substansielt bustadomgrep.<sup>129</sup> Han meiner det kjem til uttrykk i rettspraksis at norsk rett nyttar eit funksjonelt bustadomgrep.<sup>130</sup>

Eit funksjonelt bustadomgrep er meir skjønnsmessig og tek utgangspunkt i den konkrete situasjonen omgrepet skal nyttast i. Eit substansielt bustadomgrep vil ha ei fast kjerne uavhengig av situasjonen. At bustadomgrepet i norsk rett er meir funksjonelt, må sjåast i samanheng med eit ynskje om å sikre rettspolitiske gode og rimelege løysingar i konkrete saker.<sup>131</sup>

Eit døme på eit funksjonelt bustadomgrep i norsk rett finn ein i tvistelova § 4-4.<sup>132</sup> Føresegna inneheld regelen om det stadlege vernetinget ved søksmål. Regelen slår fast at søksmål kan reisast ved det alminnelege vernetinget til den saksøkte. Fysiske personar har sitt alminnelege verneting der dei har «bopel».

Det sentrale vilkåret er kvar personen har sin «bopel». I forarbeida til føresegna er det lagt til grunn at det er den faktiske bustaden som er avgjerande og ikkje registreringa i Folkeregisteret.<sup>133</sup> Registreringa i Folkeregisteret vil likevel kunne vere eit bevismoment i vurderinga av den faktiske bustaden.<sup>134</sup> Regelen legg dermed opp til ei breiare vurdering av fleire moment for å finne ut kvar den faktiske bustaden er. Dette viser at norsk rett ikkje har akseptert at den folkeregistrerte adressa etablerar prosessuell bustad.<sup>135</sup>

Reglane som er nemnt over, i konsesjonslova, skattelova og vallova, har alle til felles at dei byggjer på adressa som er registrert i Folkeregisteret. Denne adressa er isolert sett avgjerande for at rettsverknaden i regelen skal aktiverast. Til tross for at Backer meiner at norsk rett byggjer

---

<sup>128</sup> Ibid

<sup>129</sup> Ibid s. 123

<sup>130</sup> Sjø Rt-1988-1110

<sup>131</sup> Backer 2007: 123

<sup>132</sup> Lov 17. juni 2005 nr. 90 om meklings og rettergang i sivile tvister

<sup>133</sup> NOU 2001: 32 B s. 678 og Rt-1991-905

<sup>134</sup> Ibid

<sup>135</sup> Sjø Rt-1991-905 U, Rt-1997-721 U, Rt-1997-1286 U og Rt-2001-1617



på eit funksjonelt bustadomgrep, nyttar derimot desse rettsreglane eit substansielt bustadomgrep.

Oppsummert viser dei forskjellige rettsreglane at norsk rett ikkje er konsekvent når det gjeld å nytte eit funksjonelt bustadomgrep. Det kan stillast spørsmål ved om dette er tilfeldig eller nøye gjennomtenkt frå eit lovgjevarperspektiv.

## 4.3 Innhaldet i buplikta i konsesjonslova

Rekkevidda av landbruksmyndigheitene sin kontroll med buplikt er heilt avhengig av innhaldet i buplikta.

Hovudregelen om innhaldet i buplikta går fram av konsesjonslova § 6. Den lyd som følgjer:

*«Erverver som etter § 5 annet ledd har boplikt på en eiendom, skal ta eiendommen som sin reelle bolig. En eiendom er tatt som reell bolig hvis eieren er registrert bosatt på eiendommen etter regler fastsatt i eller i medhold av lov 9. desember 2016 nr. 88 om folkeregistrering»*

Det avgjerande vilkåret i regelen er om eigaren har tatt egedomen som sin «reelle bolig». Ordlyden tilseier at eigaren skal bu fast på egedomen og dermed ha egedomen som sin faste tilhaldsstad. Denne tolkinga vert stadfesta av uttalingar i forarbeida som seier at egedomen skal vere vedkommande sitt «virkelige hjem».<sup>136</sup>

Konsesjonslova § 6 andre setning slår fast at eigaren har tatt egedomen som sin «reelle bolig» når hen er registrert som busett på egedomen i Folkeregisteret. Innhaldet i buplikta byggjer dermed på reglane om bustad i folkeregisterlova kapittel 5.

## 4.4 Reglane om bustad i Folkeregisteret

### 4.4.1 Døgnkvilekrav

Hovudregelen om bustad i folkeregisterlova § 5-1 fyrste ledd er at ein person registrerast som busett der vedkommande «regelmessig tar sin døgnhvile».

---

<sup>136</sup> Ot.prp.nr.33 (2000-2001) til ny § 6a, s. 56

Ordlyden «regelmessig tar sin døgnhvile» peikar mot den staden der ein person jamleg tek nattesøvnen over eit visst tidsrom. Ei jamleg døgnkvile vil omfatte normaltilfella av at ein har ein heim og det vert sett bort frå reiser, besøk og liknande.<sup>137</sup>

Vidare slår føresegna fast i andre ledd at ein person som tek døgnkvila si på to eller fleire stader, har bustad «der vedkommende tar sin overveiende døgnhvile i løpet av enhver tolvmånedersperiode.»

Ordlyden «overveiende døgnhvile» legg materielt sett opp til ei vurdering av kvar ein person i løpet av ein tolv månaders periode har overnatta flest gonger. Dersom personen har overnatta 183 gonger på ein og same stad, er det utan tyding om andre forhold gjev personen tilknytning til ein annan stad.<sup>138</sup> Det kan til dømes vere at familien bur i ein annan bustad. Slike forhold har berre tyding for fastsetjing av dei faktiske forholda i saka. Ferie og andre opphald utanfor dei to bustadane skal sjåast bort i frå.<sup>139</sup> Her må kravet om overvegande døgnkvile basere seg på den resterande delen av perioden på tolv månadar. I slike tilfelle vert det ikkje stilt krav om 183 overnattingar på same stad. For dei som er pendlarar vil det vere eigne reglar.<sup>140</sup>

Dersom det skulle vere ei heilt jamn fordeling av døgnkvila eller personen sjølv ikkje klarer å gjeva ein eksakt oversikt, skal det leggst avgjerande vekt på staden vedkommande har sin arbeidsmessige tilknytning.<sup>141</sup>

Dersom personen disponerar to bustadar har han bevisbyrda for at han bur oftare i den eine bustaden. Dette må vedkommande leggje fram dokumentasjon på.<sup>142</sup> Det skal ikkje stillast for høge krav til denne dokumentasjonen, men registermyndigheita skal heller ikkje godta påstandar utan vidare. Det kan vere aktuelt å krevje dokumentert reising med billetter, bompasingar og kontoutskrift.<sup>143</sup>

---

<sup>137</sup> Offstad (2022) § 5-1 kommentar 6

<sup>138</sup> Skatteetaten 2022: 95

<sup>139</sup> Skatteetaten 2021: 100

<sup>140</sup> Folkeregisterlova § 5-3

<sup>141</sup> Skatteetaten 2022: 95

<sup>142</sup> Ibid

<sup>143</sup> Ibid

#### 4.4.2 Særlege reglar om ektefelle og born

Ei presisering av og eit mogleg unntak frå hovudregelen om bustad finn ein i folkeregisterlova § 5-2 fyrste ledd. Den lyd slik: «En person som har felles hjem med ektefelle eller barn, registreres med bosted der ektefelle eller barn er bosatt.»

Vilkåret «felles hjem» for ektefellar legg opp til at ektefellane har flytta saman, enten før, i forbindelse med eller etter ekteskapsinngåinga.<sup>144</sup> Det vil seia at dei ikkje har blitt buande kvar for seg i separate bustadar.<sup>145</sup>

Det er gjeve ein utfyllande regel om dette i folkeregisterforskrifta § 5-2-1. Her går det fram at ektefellar har felles bustad der dei til saman «tar sin overveiende døgnhvile».<sup>146</sup> Vidare vert det slått fast at ein person som har felles heim med borna sine, reknast som busett der borna tek sin overvegande døgnkvile.<sup>147</sup>

Desse reglane har ein viktig funksjon dersom det er nokon som forsøker å registrere feil eller fiktiv bustad i Folkeregisteret. Då vil folkeregistermyndigheita kunne sjå kvar borna eller ektefella er busett og dermed kunne kontrollere bustadregistreringa. Ein familiependlarar vil følgje denne hovudregelen.<sup>148</sup>

#### 4.4.3 Moderne samlivsformer og folkeregisterreglane

I dagens moderne samfunn har det utvikla seg ulike typer samlivsformer og -ordningar. Dette har tyding for handheving av folkeregisterregelverket.

Folkeregisterforskrifta § 5-2-1 fjerde ledd vart lagt til i 2023. Denne regelen omfattar dei som har sin overvegande døgnkvile på ein eigedom, men som har så mykje samvær med borna sine i ein annan bustad at dei skal vere folkeregistrert der borna bur etter § 5-2. Dei kan etter denne regelen vere folkeregistrert på eigedomen, samstundes som dei kan ha regelmessig samvær med borna sine i ein annan bustad. Denne regelen har likskapstrekk med tidlegare § 6 andre ledd i konsesjonslova.<sup>149</sup>

---

<sup>144</sup> Offstad (2022) § 5-2 kommentar 2

<sup>145</sup> Ibid

<sup>146</sup> Sjå om dette vilkåret i kapittel 4.4.1

<sup>147</sup> Skatteetaten 2022: 110

<sup>148</sup> Folkeregisterforskrifta § 5-3-2

<sup>149</sup> Regelen vart oppheva 1. juli 2009

Skatteetaten har grunngjeve endringa med ei hensikt om å i større grad tilpasse regelverket til ulike typer samlivs- og samværsformer.<sup>150</sup> På denne måten skal regelverket kunne ivareta omsynet til barnet ved at folkeregisterregelverket ikkje er forande for kva for samværsordning familien skal ha.<sup>151</sup>

Regelen kan seiast å byggje opp om den moderne særbuarordninga som har vokse fram. Dette er ei ordning for dei som ynskjer å bu frå kvarandre, men som framleis er gift eller er eit par.<sup>152</sup> Det er ikkje noko krav i lovgjevningen at ektefellar må bu saman. Desse para vil dermed ha folkeregistrert adresse på kvar sin bustad og vert ikkje omfatta av reglane i folkeregisterlova § 5-2.

#### **4.4.4 Innføring og retting av opplysningar i Folkeregisteret**

Skatteetaten skal kontrollere om dei opplysningane som vert lagt fram for registrering er i samsvar med reglane om folkeregistrering.<sup>153</sup> Etaten skal gjennomføre nødvendig kontroll av dei opplysningane som vert lagt fram og vurdere om det er grunnlag for å registrere dei.<sup>154</sup> Dette er i tråd med saksbehandlingsreglane i forvaltningslova, som også gjeld for saksbehandlinga hjå Skatteetaten.<sup>155</sup> Dermed har Skatteetaten plikt til å sørge for at saka er så godt opplyst som mogleg.<sup>156</sup>

Ei side av denne opplysningsplikta er at Skatteetaten også må sørgje for å rette feil opplysningar. Opplysningar med ein openberr registreringsfeil eller eit feil registreringsgrunnlag skal rettast.<sup>157</sup> Det same gjeld korrigerede opplysningar som er meldt inn frå andre instansar.

Den utfordrande retteplikta oppstår der registrerte opplysningar skal rettast dersom det føreligg dokumentasjon som «gir sannsynlighetsovervekt for at de nye opplysningene er korrekte.» Utan noko anna rettleiing i lovverket må ein gå ut i frå at det krevjast meir enn 50 % sannsyn for at dei nye opplysningane er korrekte. Dette kan vere vanskeleg å bevise utan å bryte personvernet.

---

<sup>150</sup> Skatteetaten 2023: 5

<sup>151</sup> Ibid s. 3

<sup>152</sup> Levin og Trost 2003: 12

<sup>153</sup> Folkeregisterlova § 8-1

<sup>154</sup> Offstad (2022) § 8-1 kommentar 1

<sup>155</sup> Ibid kapittel 9 kommentar 1

<sup>156</sup> Forvaltningslova § 17

<sup>157</sup> Folkeregisterlova § 9-1

#### 4.4.5 Kontroll med folkeregisteropplysningane

Alle myndige borgarar har opplysningsplikt til folkeregistermyndigheita.<sup>158</sup> Opplysningsplikta gjeld forhold som namn, fødselsdato, fødestad, kjønn, sivilstand, foreldreansvar, adresse, yrke, arbeidsstad og statsborgarskap.

Dersom det vert gjeve feil eller ufullstendige opplysningar om desse forholda, har den enkelte plikt til å informere folkeregistermyndigheita. Dersom det føreligg tvil kring forklaringa kan folkeregistermyndigheita krevje at personen legg fram nødvendig dokumentasjon eller attestar som kan dokumentere opplysningane.<sup>159</sup> Dersom opplysningsplikta framleis ikkje vert overhalde, kan det vurderast å innføre sanksjonar.<sup>160</sup>

Folkeregistermyndigheita har fleire verktøy dersom dei har mistanke om at opplysningsplikta ikkje vert overhalde.<sup>161</sup> Dersom det føreligg mistanke om at ei bustadadresse er feil eller fiktiv, kan Skatteetaten fyrst be om at vedkommande sjølv gjer greie for sitt eget buforhold. Det kan også hentast opplysningar frå huseigar eller utleigar om kven som bur eller oppheld seg på den konkrete eigedomen i saka. Eitt tredje tiltak er å hente opplysningar frå posttilbydar, ekomtilbydar, nettselskap og straumleverandør om vedkommande sitt kundeforhold.<sup>162</sup> Ved å hente inn opplysningar frå posttilbydar kan folkeregistermynda samanlikne antal registrerte personar på eigedomen med opplysningane som går fram av Folkeregisteret.<sup>163</sup>

Desse tiltaka er i tråd med føremålet i folkeregisterlova som er å leggje til rette for «sikker, korrekt og effektiv registrering av grunnleggende personopplysningar om den enkelte», jf. folkeregisterlova § 1-2. Dette skal i sum sikre at opplysningane kan nyttast til myndigheitsoppgåver og offentleg forvaltning, samt ivareta grunnleggende samfunnsbehov.

---

<sup>158</sup> Folkeregisterlova § 11-1

<sup>159</sup> Ibid andre ledd

<sup>160</sup> Det vil vere aktuelt med overtredelsesgebyr etter § 12-1

<sup>161</sup> Folkeregisterlova § 11-2 fyrste ledd

<sup>162</sup> Ibid bokstav a-c

<sup>163</sup> Ibid andre ledd

## 4.5 Gjennomføring av kontroll med buplikt

### 4.5.1 Kommunen og statsforvaltar som kontrollmynde

Etter konsesjonslova § 17 fyrste ledd skal kommunen og statsforvaltaren «føre kontroll med at vilkår som er satt for konsesjon, blir overholdt.» Etersom kommunen er konsesjonsmynde i fyrste instans, blir det kommunen som må gjennomføre dei fyrste undersøkingane av om vilkåra for buplikt er oppfylt. Statsforvaltaren er klageinstans.<sup>164</sup>

Kommunen skal «straks» melde frå til Statsforvaltaren dersom kommunen vert klar over «forhold som nevnt i § 16 annet ledd». Dette gjeld dersom konsesjon er blitt gjeve på grunnlag av «uriktige eller ufullstendige opplysninger om forhold av vesentlig betydning» eller at ervervaren «overtreir fastsatte vilkår av vesentlig betydning». Dette kan føre til at konsesjonen vert trekt tilbake, men vil krevje at kommunen legg til grunn at det føreligg eit brot på buplikta.

Innhaldet i vesentlegheitskravet byggjer på ei konkret vurdering av ulike moment knytt til eigedomen, eigaren og varigheita på brotet.<sup>165</sup> Det er ofte at varigheit er eit viktig vurderingsmoment og det vil ikkje vere aktuelt å karakterisere eit brot som vesentleg før det har gått 4-6 månadar.<sup>166</sup>

Dersom kommunen vurderar brotet som «vesentlig», kan det krevjast at kjøparen av eigedomen søker om ny konsesjon, jf. konsesjonslova § 13 tredje ledd nr. 4. Dersom kjøparen ikkje søker innanfor fristen som vert sett, kan kommunen krevje at eigedomen vert overdrege til andre som kan få konsesjon på eigedomen, eller til nokon som er unnateke konsesjonsplikt på den aktuelle eigedomen.<sup>167</sup>

Til tross for at denne heimelen er tilgjengeleg i konsesjonslova, vil det bli krevjande for kommunane å nytte den. For å kunne leggje til grunn at brotet på buplikta er vesentleg, må det fyrst kunne leggjast til grunn at det er eit brot på buplikt i utgangspunktet. Dette vil krevje at ein klarer å bevise at eigaren ikkje nyttar eigedomen som sin reelle bustad, som igjen baserar seg på opplysningar frå Folkeregisteret.

---

<sup>164</sup> Landbruks- og matdepartementet 2021: 43 punkt 8.2.2

<sup>165</sup> Ot.prp.nr.44 (2008-2009) s. 24

<sup>166</sup> Ibid

<sup>167</sup> Konsesjonslova § 16 tredje ledd, samt Ot.prp.nr.44 (2008-2009) s. 24

Statsforvaltaren har den same rettslege kompetansen til å føre kontroll med buplikt som kommunane. Ved overprøving av kommunane sitt vedtak kan dei ikkje gjere andre tiltak enn å undersøke opplysningane som går fram av Folkeregisteret om eigaren av egedomen.

#### 4.5.2 Folkeregisteret hindrar ytterlegare tiltak

Spørsmålet er kvifor denne kontrollen vert utfordra av Folkeregisteret. Då det kom ny folkeregisterlov- og forskrift i oktober 2017 vart alle offentlege myndigheiter og verksemder pliktige til å melde frå til Folkeregisteret, utan hinder av teieplikta, om opplysningar eller avvik i opplysningar som dei vart klar over i arbeidet sitt.<sup>168</sup>

Samstundes vart det i rundskrivet frå Landbruks- og matdepartementet uttalt følgjande om kontroll med buplikt:<sup>169</sup>

*«Det går fram av konsesjonsloven § 6 at boplikten er oppfylt når eieren er registrert som bosatt på eiendommen etter regler fastsatt i eller i medhold av lov om folkeregistrering. Skattekontoret avgjør om den som har meldt flytting, skal registreres som bosatt på nytt bosted eller ikke, se folkeregisterforskriften § 6-5-1. Landbruksmyndighetene skal undersøke om eieren er registrert som bosatt på eiendommen, ikke om vilkårene for folkeregistrering er oppfylt.»*

Landbruksmyndighetene skal etter denne uttalinga ikkje føre kontroll med at vilkåra i folkeregisterlova er oppfylt. Både kommunane og statsforvaltarane må leggje til grunn at buplikta vert overhalde dersom eigaren er registrert som busett på egedomen i Folkeregisteret.<sup>170</sup> Ettersom kommunane og statsforvaltarane ikkje kan overprøve den registrerte bustadadressa i Folkeregisteret, innskrenkar denne ansvarsfordelinga i realiteten moglegheitane til å føre kontroll med buplikt. Det vil i tillegg vere vanskeleg å setje inn tiltak dersom det skulle bli nytta feil eller fiktiv bustadadresse etter at ein eigar har fått konsesjon på ein egedom.

I denne samanheng blir det relevant å vise til Skattedirektoratet sitt høyringsinnspel til endringar i konsesjonslova og odelslova mv.<sup>171</sup> Der peika Skattedirektoratet på at Folkeregisteret normalt

---

<sup>168</sup> Folkeregisterlova § 7-1

<sup>169</sup> Landbruks- og matdepartementet 2021: 52 punkt 10.2.2

<sup>170</sup> Ibid

<sup>171</sup> Ot.prp.nr.33 (2000-2001) s. 31

ikkje vurderar i ettertid kor stort døgnkvileomfang det faktisk har vore i den enkelte sak. Folkeregisteret baserar si avgjersle på det vedkommande sjølv seier i saka. Dersom forklaringa som ervervaren legg fram verkar lite sannsynleg, vil det gjerast ei nærare vurdering av desse opplysningane. Skattedirektoratet peika i denne høyringsrunden for øvrig på at lovforslaget kunne føre til fleire taktiske motiverte flyttemeldingar, og dermed føre til auka saksbehandling for Folkeregisteret.<sup>172</sup> Det er dette statsforvaltarane og kommunane meiner skjer i dag.<sup>173</sup>

I tillegg vert teiepliktige opplysningar om forholda kring bustaden også ei hindring for reell kontroll med buplikt.<sup>174</sup> Dersom eit ektepar lev som særbuarar, vil ikkje kommunen ha innsynsrett i desse forholda. I folkeregisterlova § 10-2 går det fram at teiepliktige opplysningar kan utleverast til offentlege myndigheiter som har heimel i lov til å hente inn opplysningar frå Folkeregisteret utan hinder av teieplikt. Kommunane har ikkje heimel i lov til å hente inn andre opplysningar enn noverande adresse. Dermed kan ikkje denne heimelen nyttast.

Det kan verke som at lovgjevar ikkje har vurdert konsekvensane av at innhaldet i buplikta berre byggjer på folkeregisterregelverket. I Prop 164 L (2015-2016) punkt 12.1 kjem det på spissen:

*«I utgangspunktet er ikke registrering i Folkeregisteret i seg selv en rettsstiftende handling. [...] Enkelte rettsreglerk nytter imidlertid rettsvirkninger til opplysninger i Folkeregisteret, for eksempel konsesjonsloven § 6 om boplikt. I praksis er det slik at personopplysningene i Folkeregisteret har stor troverdighet og normalt legges til grunn av andre offentlige myndigheter og virksomheter uten at det etterspørres underliggende dokumentasjon om rettsforholdet. Skulle det imidlertid oppstå tvil om riktigheten av en registrert opplysning, må det løses på vanlig måte med hjemmel i de respektive rettsregler som regulerer forholdet.»*

Dagens praktisering av regelverket fører til at det oppstår få saker der buplikta vert konstatert brote.<sup>175</sup> Dette fører vidare til at det blir vanskeleg for kommunane å nytte heimelen i konsesjonslova § 17, som gjev åtgang til å trekkje tilbake konsesjonen. Kommunane og statsforvaltarane sin kontrolloppgåve blir i realiteten berre å melde i frå til Folkeregisteret om eventuelle feil eller fiktive bustadadresser. Den reelle kontrollen med buplikt ligg i dag hjå Skatteetaten.<sup>176</sup>

---

<sup>172</sup> Ibid pkt. 4.3.2.3

<sup>173</sup> Vedlegg 4

<sup>174</sup> Folkeregisterlova § 9-1

<sup>175</sup> Vedlegg 4

<sup>176</sup> Vedlegg 3



# 5 Overordna krav og føringar for innhaldet i og kontroll med buplikt

## 5.1 Innleiing

Problemstillinga må vurderast opp mot dei krav og føringar som vert etablert gjennom rettspraksis og Noreg sine internasjonale forpliktingar. Norske styresmakter har etter Grunnlova § 92 plikt til å «respektere og tryggje menneskerettane» som er nedfelt i både Grunnlova og dei traktatane som er bindande for Noreg. Dermed er internasjonale krav og føringar relevante for kva som bør vere innhaldet i norske reglar om buplikt og korleis desse skal handhevast.

Det er relevant å vurdere dei forpliktingar som går fram av EMK og EØS-avtala. På den måten kan ein sjå kor vidt eit meir vidtrekkande innhald i buplikta og kontroll frå landbruksmyndigheitene kan koma i konflikt med enkeltpersonar sine rettar og fridomar etter internasjonal rett.

Som eit utgangspunkt må det sjåast hen til Rt-2011-476. Der la fyrstvoterande til grunn at norsk rett ikkje kan tolke uttalingar frå EU-domstolen slik at den meiner at eit krav om buplikt som vilkår for konsesjon på fast eigedom representerar eit inngrep i EMK. ESA<sup>177</sup> konkluderte også med at buplikt som konsesjonsvilkår ikkje var eit hinder for fri flyt av kapital etter EØS-avtala artikkel 40.<sup>178</sup>

Dermed er utgangspunktet for vurderingane i dette kapittelet at den norske buplikta generelt er i tråd med internasjonale krav og føringar. Spørsmålet blir i staden korleis innhaldet i buplikta kan regulerast og kor omfattande kontroll landbruksmyndigheitene kan gjennomføre for å sikre at buplikta vert overhalde, med omsyn til desse forpliktingane.

---

<sup>177</sup> Kortnamn for EFTA Surveillance Authority, eit tilsynsorgan som fører kontroll med at EFTA-landa følgjer EØS-avtala, jf. Stemsrud 2020: 55

<sup>178</sup> *ESA mot Norge*, 2012, saksnummer 3040, 59007, 62109

## 5.2 Fastlegging av den reelle bustaden – utviklingstrekk i norsk rettspraksis

Då Landbruksdepartementet la fram forslag om å lovfeste innhaldet i buplikta i Ot.prp.nr.33 (2000-2001) vart det teke utgangspunkt i dei kriteria som allereie vart lagt til grunn gjennom rettspraksis.<sup>179</sup> I forslaget til ny § 6a i konsesjonslova bygde departementet på fleire av dei momenta som Høgsterett viste til i Rt-1997-1099.<sup>180</sup> Denne domen vert dermed sentral.

### 5.2.1 Høgsterett sitt syn

I Rt-1997-1099 vart det gjeve konsesjon til eigaren av ein eigedom i Stavanger kommune med vilkår om bu- og driveplikt. Etter ei tid vart konsesjonen trukke tilbake, ettersom landbruksmyndigheitene meinte at eigaren ikkje hadde nytta eigedomen som sin reelle bustad, i tråd med konsesjonslova av 1974 §§ 9 og 8 nr. 2. Eigaren klaga på vedtaket og klaga vart oppretthalde ved kongeleg resolusjon. Eigaren gjekk til sak mot staten v/Landbruksdepartementet for å få kjend resolusjonen ugyldig. Det sentrale i domen er det fyrstvoterande uttala om vilkåret «fast bopel» i konsesjonslova av 1974 § 8 nr. 2. Vilåret samsvarar med omgrepet «reelle bolig» i dagens konsesjonslov § 6.

Fyrstvoterande byrja med å slå fast at vilkåret om fast bustad ikkje har eit fast innhald og at det same gjeld for bustadomgrepet i den gamle odelslova § 27. Det vart så vist til innstillinga frå Odelstinget frå den utvida Justiskomiteen om odelslova, der komiteen uttala at «det vanskeleg let seg gjere å finne fram til ei uttømmende avgrensing som kan dekke alle høve».<sup>181</sup> Fyrstvoterande slo så fast det som vart avgjerande for departementet og forslaget til lovteksten om innhaldet i buplikta: «at bostedsbegrepet ikke kan bestemmes ved noen få faste kjennetegn, men må bestemmes ved et skjønn, hvor en rekke momenter kan tillegges betydning. [...] Det samme må gjelde bostedsbegrepet i konsesjonsloven.»

Deretter viste fyrstvoterande til at bustadomgrepet også vert nytta i andre lovar og rettsreglar, som rettargangslavgjevningen, folkeregisterlova og skattelavgjevningen. Han peika på at dei avgrensingane som vert gjort av bustadomgrepet i forhold til desse regelsetta ikkje automatisk kan overførast til konsesjonslova. Dette har å gjere med at bustadomgrepet i desse rettsreglane

---

<sup>179</sup> Ot.prp.nr.33 (2000-2001) s. 42

<sup>180</sup> Ibid s. 23

<sup>181</sup> Sjø Innst.O.nr.60 (1973-74) s. 7

ofte dreier seg om tilknytning til staten, medan bustadomgrepet i konsesjonslova omhandlar tilknytning til ein konkret fast eigedom. Likevel påpeika fyrstvoterande eit sentralt moment: «Ved den konkrete vurderingen vil således forholdet til folkeregisterlovgivningen være et moment – men ikke alene avgjørende».

Det vart til slutt gjennomført ei heilskapsvurdering av konsesjonssøkaren sitt familieforhold, arbeidsforhold og døgnavskrivning. Fyrstvoterande la mindre vekt på installasjon av telefon på eigedomen, varsel til postkontoret om endra adresse, innkjøp i nærbutikken og deltaking i lokalmiljøet. Det vart likevel uttala at slike moment kan få større tyding i andre saker.

Oppsummert viser dommen at vilkåret «fast bopel» ikkje har eit eintydig innhald. Det må ein vurdere konkret i kvar enkelt sak. Fyrstvoterande understreka at omgrepet må tolkast basert på ei skjønsmessig heilskapsvurdering der fleire moment vil kunne ha tyding. Domen kan difor tolkast i retning av at vilkåret «fast bopel» bør vurderast i ljøs av fleire moment enn berre reglane om bustadadresse i folkeregisterlova. Dette har tyding for korleis innhaldet i vilkåret «reelle bolig» i konsesjonslova § 6 bør vere.

## 5.2.2 Praksis frå Sivilombodet

I 2022 kom Sivilombodet med to uttalingar i saker som omhandla vilkåret «reelle bolig» og innføring i fiskarmanntalet ved søknad om deltaking i kongekrabbefiske i Finnmark.<sup>182</sup> I begge desse sakene vart det vist til at Fiskeridirektoratet har fått eigne retningslinjer i instruks frå Nærings- og fiskeridepartementet og at dei ikkje er bundne av fiskaren si bustadadresse i Folkeregisteret. Sjølv om sakene omhandlar ei anna primærnæringsnæring, kan det trekkast ein analogi til korleis fiskerimyndigheitene fører kontroll med vilkåret «reelle bolig» i folkeregisterlova.

Både ved innføring i fiskarmanntalet og ved vurdering av andre søknadar etter fiskeriregelverket, skal Fiskeridirektoratet gjennomføre ei rettsleg vurdering av vilkåra i folkeregisterlova og -forskrifta.<sup>183</sup> Dersom dette viser at fiskaren er folkeregistrert med ei anna bustadadresse enn den reelle, kan direktoratet ved registrering i fiskarmanntalet leggje til grunn den adressa dei vurderar som reell. Her må det gjerast ei heilskapsvurdering, men

---

<sup>182</sup> SOM-2022-2945 og SOM-2022-2957

<sup>183</sup> SOM-2022-2957 avsnitt 20

fiskerimyndighetene har myndighet til å leggje ein annan bustad til grunn dersom omstendigheitane i saka tilseier det.<sup>184</sup>

Bakgrunnen for reglane er at fiskarane har insentiv til å registrere feil bustad i både fiskarmanntalet og i Folkeregisteret for å omgå fiskeriregelverket. Det er difor viktig at fiskerimyndighetene utfører ein brei kontroll. Praksisen som har blitt etablert på dette området er i tråd med det fyrstvoterande uttala i Rt-1997-1099 om vurderinga av kvar den enkelte har sin reelle bustad i forhold til konsesjonslova. Det er ikkje utelukkande folkeregistrert adresse som er avgjerande for kvar fiskaren er busett, men dei faktiske og reelle forholda.

## **5.3 Krav og føringar frå EMK**

### **5.3.1 Utgangspunktet**

Noreg har forplikta seg til å følgje EMK gjennom menneskerettslova § 2, jf. § 3. Dette fører med seg krav og føringar av tyding for regulering av fast eigedom og buplikt.<sup>185</sup>

### **5.3.2 Eigdomsvernet etter EMK P1-1 og reglane om buplikt**

EMK P1-1 vernar om borgarane sin rett til eigedom. Den er viktig når det gjeld vern mot inngrep i eigdomsretten frå myndighetene og skal balansere eigdomsretten opp mot staten sine interesser.<sup>186</sup> Regelen lyd som følgjer:

*«Enhver fysisk eller juridisk person har rett til å få nyte sin eiendom i fred. Ingen skal bli fratatt sin eiendom unntatt i det offentliges interesse og på de betingelser som er hjemlet ved lov og ved folkerettens alminnelige prinsipper.*

*Bestemmelsene ovenfor skal imidlertid ikke på noen måte svekke en stats rett til å håndheve slike lover som den anser nødvendige for å kontrollere at eiendom blir brukt i samsvar med allmennhetens interesse eller for å sikre betaling av skatter eller andre avgifter eller bøter.»*

EMD har lagt til grunn at artikkelen inneheld tre reglar, som har nær tilknytning til kvarandre.<sup>187</sup> P1-1 fyrste ledd fyrste punktum inneheld det ein kallar for prinsippregelen. Denne regelen

---

<sup>184</sup> Vedlegg 1

<sup>185</sup> Falkanger og Falkanger 2013: 504

<sup>186</sup> Falkanger 2016: 139

<sup>187</sup> *James mfl. mot Storbritannia*, 1986, saksnummer 8793/79

uttrykker prinsippet om at eigaren som utgangspunkt har «rett til å få nyte sin eiendom i fred.» Samstundes grip ekspropriasjonsregelen i fyrste ledd andre punktum inn i denne prinsippregelen. I andre ledd får staten åtgang til å regulere utnyttinga av eigedomsretten, som utgjer kontrollregelen. Eigedomsretten må under særlege omstende vike «i det offentliges interesser».

Det må vere tale om ein eksisterande eigedomsrett og det må føreligge eit inngrep i denne retten for at P1-1 skal vere aktuell.<sup>188</sup> EMD har vore tilbakehalden med å prøve om eigedomsvernet i P1-1 har blitt krenka.<sup>189</sup> Det har vidare blitt lagt til grunn i praksis at konvensjonsstatane har ei brei skjønnsmargin i eigedomssaker og i saker av politisk karakter.<sup>190</sup> Reglar om fast eigedom vil gå inn under skjønnsmarginen sjølv om det kan ramme privat eigedom hardt.<sup>191</sup>

Høgsterett har gjeve ei god samanfating av vurderinga av P1-1 i Rt-2005-607 (Sandholmen) avsnitt 89:

*«Når man skal ta stilling til om denne bestemmelse [P 1-1] er krenket, må man først undersøke om det foreligger et inngrep ('interference') i en beskyttet interesse. Hvis det ikke er tilfellet, faller forholdet utenfor eiendomsvernet etter protokoll 1 artikkel 1. Dersom det foreligger inngrep i noens 'possessions', må det undersøkes om inngrepet har karakter av en avståelse ('deprivation'), som skal vurderes etter første ledd andre punktum, eller en kontrollforanstaltning, som skal vurderes etter andre ledd. Hvis inngrepet verken har karakter av avståelse eller kontrollforanstaltning, må inngrepet vurderes i forhold til prinsippregelen i første ledd første punktum»*

Det er lagt til grunn i teorien at vurderinga av om det føreligg eit inngrep i retten til eigedom, må gjerast på bakgrunn av om og i kva for grad klagaren er rettsleg sett negativt påverka av det påståtte inngrepet.<sup>192</sup>

Kontrollregelen vert særleg relevant for kor omfattande kontrolltiltak landbruksmyndigheitene kan gjennomføre for å kontrollere buplikt. Inngrep etter kontrollregelen vert kjenneteikna av at eigaren har eigedomsretten i behald, men at rådigheita har blitt innskrenka som følgje av ei

---

<sup>188</sup> *Sporrong og Lönnroth mot Sverige*, 1982, saksnummer 7151/75 og 7152/75, avsnitt 58

<sup>189</sup> Jorem 2021: 91

<sup>190</sup> Aall 2018: 157

<sup>191</sup> Jorem 2021: 96

<sup>192</sup> Ibid s. 87

offentleg regulering.<sup>193</sup> Eit krav om personleg buplikt vil følgeleg vere å rekne som eit inngrep etter P1-1.

### 5.3.3 Rekkevidda av kontrollregelen

Kontrollregelen skal nyttast der det føreligg særskilte omstende som talar for at det offentlege må utøve kontroll med bruken av eigedom. Forutsetninga er at myndigheitene kan vise til at det har vore eit behov for å setje i verk eit konkret kontrolltiltak.<sup>194</sup>

EMK P1-1 gjev ikkje ein absolutt garanti for eigedomsretten. I kraft av statane si skjønnsmargin kan myndigheitene regulere og kontrollere bruken av eigedom for å verne ålmenne interesser. Slike inngrep i eigedomsretten kan bare gjennomførast med heimel i lov og dei må vere nødvendige og proporsjonale i forhold til det føremål dei skal tene.<sup>195</sup> EMD har uttala at myndigheitene må vise at dei har funne ein rettferdig balanse.<sup>196</sup> Det stillast også krav til at heimelen for inngrepet må vere presis i si formulering og det må vere forutsigbart kva heimelen gjev mynde til.<sup>197</sup> Rammene for skjønnsutøving må gjevast med ein rimeleg klarheit.

I juridisk teori vert det skrive at vanlege avgrensingar av eigarrådigheita ikkje vil skape problem med omsyn til føresegna.<sup>198</sup> Dei problematiske situasjonane er fyrst og fremst der eit kontrolltiltak fører til eit totalt tap av eigedomsrett.

EMD har slått fast at statane ikkje har noko sjølvstendig plikt etter konvensjonen å velje det tiltaket som er minst byrdefullt for klagaren i ljøs av proporsjonalitetsprinsippet.<sup>199</sup> Domstolen vil likevel vurdere det som relevant dersom myndigheitene har hatt andre, mindre inngripande verkemiddel for å ivareta det aktuelle føremålet. I denne samanheng vil det ha tyding kor vidt desse verkemidla har vore vurdert, og kor vidt valet av det meir inngripande tiltaket har hatt saklege grunnar for seg.<sup>200</sup>

---

<sup>193</sup> Aall 2018: 345-346

<sup>194</sup> Ibid: 348

<sup>195</sup> Ibid s. 334-335

<sup>196</sup> *Sporrong og Lönnroth mot Sverige og Lindheim mfl. mot Norge*, 2012, saksnummer 13221/08 og 2139/10

<sup>197</sup> *Sunday Times mot Storbritannia*, 1979, saksnummer 6538/74, avsnitt 49

<sup>198</sup> Møse; Aall; Nordeide; Bjørge, 2022, note 105

<sup>199</sup> *James mfl. mot Storbritannia*, 1986

<sup>200</sup> *Capital Bank AD mot Bulgaria*, 2006, saksnummer 49429/99, avsnitt 38

### 5.3.4 Lindheim mfl. mot Noreg

Lindheim-domen viser dei konkrete merknadane EMD har kome med når det gjeld handlingsrommet til norske myndigheiter innanfor kontrollregelen.<sup>201</sup>

I domen var spørsmålet om tomtefestelova § 33 krenka retten til vern av eigedom etter P1-1, som følgje av at føresegna gav tomtefestarane rett til å krevje ei forlenging av festekontraktene på ubestemt tid og på same vilkår som tidlegare. Klagarane meinte dette var eit uberettiga inngrep i eigedomsretten. Domen viser korleis EMD vurderar dei økonomiske verknadane av eit inngrep etter kontrollregelen.

Det sentrale spørsmålet for domstolen var om den aktuelle lovgjevnaden var nødvendig for å kontrollere at eigedomane vart nytta i samsvar med ålmenta si interesse i ljøs av kontrollregelen. Domstolen viste til tidlegare praksis der den hadde lagt til grunn at nasjonale myndigheiter har betre forutsetningar enn internasjonale dommarar ved vurdering av kva som er å rekne som ålmenta sine interesser.<sup>202</sup> Dette gjaldt særleg komplekse sosiale, økonomiske og politiske spørsmål der nasjonale myndigheiter har ei vid skjønnsmargin. Domstolen la difor til grunn at nasjonale vurderingar ville akseptrast med mindre dei var openbart urimelege.

Domen viser at den nasjonale lovgjevnaden må sikre ein rettferdig balanse mellom dei motstridande interessene i saka. I ljøs av staten si skjønnsmargin konkluderte EMD med at den gjeldande lovgjevnaden om tomtefeste ikkje sikra ein rettferdig balanse mellom dei motstridande interessene i saka. Dermed førelåg det eit brot på EMK P1-1.

Sentralt for EMD sin konklusjon var om inngrepet var å rekne som ein «individual and excessive burden» (avsnitt 74). Dette inneber at myndigheitene sine handlingar ikkje må leggje ein uforholdsmessig byrde på enkeltpersonar. EMD konkluderte med at reglane i tomtefestelova innebar eit uforholdsmessig inngrep i grunneigarane sin eigedomsrett i strid med kontrollregelen.

---

<sup>201</sup> *Lindheim mfl. mot Norge*, 2012

<sup>202</sup> *Hutten-Czapska mot Polen*, 2006, saksnummer 35014/97

### **5.3.5 Er ein meir omfattande kontroll med buplikt i tråd med kontrollregelen?**

Konsesjonslova § 6 gjev klare retningslinjer for korleis den enkelte borgar skal oppfylle buplikta. Eigaren må ta eigedomen som sin reelle bustad ved å vere folkeregistrert på eigedomen i Folkeregisteret.

Ei utfordring med dagens regelverk er at landbruksmyndigheitene ikkje har rettsleg kompetanse til å kontrollere opplysningane i Folkeregisteret. Folkeregisteret tek utgangspunkt i opplysningane som eigaren sjølv registrerar digitalt, og det er dermed eit tillitsbasert system.<sup>203</sup> Desse opplysningane vert godkjend av Skatteetaten. Dermed har ikkje landbruksmyndigheitene noko reell moglegheit til å kontrollere om reglane om buplikt vert følgd.

Ytterlegare kontrolltiltak med buplikt kan vere nødvendig sett i ljøs av at reglane i dag skapar ein ubalanse mellom den private eigedomsretten og landbruksmyndigheitene. Kommunane og statsforvaltarane uttrykkjer at dagens regelverk hindrar ein reell kontroll med buplikt, og det kan dermed leggest til grunn at det er eit konkret behov for ytterlegare kontroll.<sup>204</sup> Ei endring vil kunne føre til at kvaliteten på kontrollen med buplikt aukar og at føremåla bak bupliktsreglane vert møtt. Dette er til ålmenta si gunst og politiske prioriteringar som myndigheitene har ei vid skjønnsmargin på.

Dersom kommunane skal kunne utføre ytterlegare kontroll for å sikre at buplikta vert oppfylt, må det vurderast om slike tiltak vil vere proporsjonale i forhold til inngrepet i den private eigedomsretten. Etersom norsk rett allereie opererar med buplikt som vilkår for konsesjon, må myndigheitene kunne ha eigna tiltak for å føre kontroll med sjølve buplikta. Ei heilskapsvurdering av kvar den enkelte faktisk har sin reelle bustad, slik reglane vart praktisert tidlegare, vil gjeva landbruksmyndigheitene ein reell moglegheit til å gjennomføre kontroll. Lovgjevar kan fastsetje konkrete moment som skal med i vurderinga, slik som folkeregistrert adresse, familiesituasjon, arbeidsstad, oppfatninga i lokalsamfunnet og straumforbruk. Dette vil ikkje vere urimelege kontrollflater å nytte seg av og vil vere teiepliktige opplysningar hjå landbruksmyndigheitene. Sjølv om det vil innebere ein meir omfattande kontroll enn i dag, vil det ikkje vere urimelege kontrolltiltak overfor den enkelte eigar. Ein slik kontroll vil heller ikkje

---

<sup>203</sup> Vedlegg 6

<sup>204</sup> Vedlegg 2, 4, 7 og 11



føre til eigedomstap for den enkelte. Ein meir omfattande kontroll vil kunne vere i tråd med EMK P1-1.

## 5.4 Krav og føringar i EØS-avtala

### 5.4.1 Kapitalreglane og forholdet til buplikt

Noreg har eit breitt og omfattande samarbeid med EU gjennom EØS-avtala.<sup>205</sup> Fleire norske lovar inneheld større eller mindre delar av EØS-retten, samt at praksis frå EU-domstolen og EFTA-domstolen er relevant for tolking av EØS-avtala og dermed norsk rett.<sup>206</sup>

Gjennom avtala har Noreg forplikta seg til fri flyt av varer, tenestar, personar og kapital innanfor avtaleområdet.<sup>207</sup> EU-domstolen har slått fast at omsetning av fast eigedom fell inn under dei føresegnene i avtala som regulerar fri flyt av kapital.<sup>208</sup> EØS-avtala har difor tyding for landbruksmyndigheitene sin kontroll med omsetning av eigedomar og rettar knytt til eigedom.<sup>209</sup>

EØS-avtala artikkel 40 regulerar åtgangen til å leggje restriksjonar på overføring av kapital. Den lyd som følgjer:

*«Innen rammen av bestemmelsene i denne avtale skal det mellom avtalepartene ikke være noen restriksjoner på overføring av kapital tilhørende personer bosatt i EFs medlemsstater eller EFTA-statene og ingen forskjellsbehandling på grunn av partenes nasjonalitet, bosted eller stedet for kapitalanbringelsen.»*

EU-domstolen har nytta kapitalreglane på reglar om bu- og driveplikt for landbrukseigedomar.<sup>210</sup> Artikkel 40 vert dermed relevant i vurderinga av om det er i tråd med EØS-retten å innføre meir omfattande kontroll med buplikta.

---

<sup>205</sup> NOU 2024: 7 s. 12

<sup>206</sup> Stemsrud 2020: 7

<sup>207</sup> Ot.prp.nr.79 (2002-2003) s. 10

<sup>208</sup> Ibid

<sup>209</sup> Ibid

<sup>210</sup> C-452/01 *Ospelt*

Landbruksdepartementet har uttala følgjande i Ot.prp.nr.44 (2008-2009) om framtidige reglar om buplikt og forholdet til EØS-avtala:<sup>211</sup>

*«Noen generelle rammer for framtidig lovgivning kan trekkes. Reglene faller inn under EØS-avtalens regel om fri bevegelse av kapital. De nasjonale reglene må være nødvendige ut fra lovlige hensyn, de må ha en saklig sammenheng med målene som skal nås, må være egnet til å nå målene, og verken reglene eller praksis kan gå lenger enn det som er nødvendig for å nå målene. Begrunnelsen for reglene vil altså være avgjørende for lovligheten av boplikten. Etter departementets syn bør lovteksten reflektere de relevante begrunnelsene. Loven må gi rom for at løsningene kan bli forskjellige avhengig av de faktiske omstendighetene som gjør seg gjeldende i den enkelte sak. Dette kan enten skje ved at bestemmelsene åpner for et skjønn, eller ved at det i bestemmelsen angis hva resultatet skal bli ut fra bestemte faktiske forhold. Regelen må også ivareta hensynet til forutberegnelighet.»*

#### **5.4.2 Er ein meir omfattande kontroll med buplikt i tråd med artikkel 40?**

Som uttala i Festersen-saka avsnitt 26 er reglane om buplikt i tråd med kapitalreglane dersom dei i) ivaretek eit føremål som kjem ålmenta til gunst, ii) ikkje nyttast på ein diskriminerande måte og iii) er i tråd med proporsjonalitetsprinsippet. Reglane må vere eigna til å gjennomføre føremålet og ikkje gå lenger enn det som er nødvendig.

Innhaldet i buplikta skal sikre at eigaren av ein eigedom tek eigedomen som sin faktiske og reelle bustad. Dette vil særleg framje omsynet til busetnad og vil vere til gunst for ålmenta. Ettersom folkeregistrert adresse som einaste kontrollflate ikkje er tilstrekkeleg til å kontrollere bupliktsreglane aleine, blir det nødvendig med andre tiltak. Landbruksmyndigheitene uttrykker eit reelt behov for at reglane vert endra som følgje av at Skatteetaten ikkje fangar opp feil eller fiktive bustadadresser.<sup>212</sup> Det vert uttrykt at dagens regelverk utholar føremålet med buplikta.<sup>213</sup> Ei regelendring vil hindre at kontroll med buplikt vert ei kunstig forvaltningsoppgåve og auke kvaliteten på kontrollen. På denne måten vil føremåla bak reglane om buplikt bli møtt i større grad, som er til gunst for ålmenta.

---

<sup>211</sup> Ot.prp.nr.44 (2008-2009) punkt 5.2

<sup>212</sup> Vedlegg 4

<sup>213</sup> Ibid

Ein ytterlegare kontroll med buplikt vil heller ikkje føre til diskriminering. Der det vert stilt vilkår om personleg buplikt, vil det vere like reglar for alle eigarar om å ta eigedomen som sin reelle bustad. Ein ytterlegare kontroll med reglane for å hindre misbruk, vil ikkje endre dette.

Det må vurderast om ytterlegare kontroll med buplikt er proporsjonalt i forhold til konsekvensane for borgarane. Sjølv om det er viktig å respektere og verne om den private eigedomsretten og personvernet, må omsynet til at norske lovreglar vert følgd også vektast tungt. Buplikt skal sikre at eigedomar ikkje står tomme og dermed sikre nødvendig vekst og utvikling. Auka kontroll med buplikt kan møte dette behovet.

Ved å gjennomføre ei heilskapleg og skjønsmessig vurdering av den enkelte sak, basert på fastsette moment, vil ein kunne balansere begge behov på ein rettferdig måte. Dette inneber å sikre korrekt informasjon om bustadsituasjonen, samstundes som førehandsvisse og personvernet til eigaren vert sikra. Eit meir omfattande innhald i buplikta er dermed i tråd med EØS-avtala artikkel 40.

# 6 Avveging av motstridande omsyn

## 6.1 Utgangspunkt

Professor Torgeir Austenå skriv følgjande om reglane i konsesjonslova:<sup>214</sup>

*«Det sentrale målet for konsesjonsreglane er ut frå fleire omsyn å få kontroll med den juridiske disposisjonsretten over fast eigedom. Dermed er ein inne ved hjarterøtene av spørsmålet om kva eigedomsrett er og kva posisjon eller funksjon den skal ha i vårt samfunn.»*

Retten til å råde over eigen eigedom er ein sentral verdi i samfunnet vårt, men spørsmålet er korleis ein skal vege denne retten opp mot andre omsyn.<sup>215</sup> Innhaldet i buplikta og kva som skal til for at denne er oppfylt vil ha konsekvensar for kor omfattande undersøkingar landbruksmyndigheitene kan gjennomføre i enkeltpersonar sitt liv og for personvernet. Samstundes har samfunnet ei eigeninteresse i å kontrollere korleis eigedomar vert nytta. Dette skapar vanskelege avvegingar.

I det følgjande vil det gjerast eit forsøk på å vege dei ulike omsyna som gjer seg gjeldande i problemstillinga, opp mot kvarandre.

## 6.2 Omsyn som talar mot ein utvida kontroll med buplikt

### 6.2.1 Individet sine rettar og plikter

Individet sine rettar og plikter er eit sentralt omsyn ved drøfting av problemstillinga. Ved erverv av eigedom følgjer også eigedomsretten over den aktuelle eigedomen.<sup>216</sup> Denne eigedomsretten er derimot ikkje absolutt og medfører visse plikter. Ut i frå eit slik funksjonelt syn på eigedomsretten må det vere ein balanse mellom den enkelte borgar sin rett til å eige og disponere over eigen eigedom, og samfunnet sine politiske og økonomiske interesser.<sup>217</sup>

---

<sup>214</sup> Austenå 1978: 9

<sup>215</sup> Landbruks- og matdepartementet 2014:5

<sup>216</sup> EMK artikkel 17, jf. EMK P1-1

<sup>217</sup> Austenå 1978:16

Ved erverv av ein eigedom med personleg buplikt må eigaren ta eigedomen som sin reelle bustad.<sup>218</sup> Eigaren pliktar då å bu på eigedomen og oppdatere adresse til eigedomen i Folkeregisteret.<sup>219</sup> Denne meldeplikta gjeld for alle som endrar bustad til eller mellom norske kommunar, og det må meldast frå til Folkeregisteret innan åtte dagar etter flytting.<sup>220</sup> Har ikkje eigaren tatt eigedomen som sin reelle bustad kan det føre til at buplikta ikkje vert oppfylt.

Slik reglane er i dag kan kommunane berre basere sine vurderingar på den folkeregistrerte adressa som eigaren sjølv har registrert. Dermed ligg det eit stort ansvar på den enkelte eigar for å følgje dei gjeldande reglane for folkeregistrering.

Dersom kontrollen med buplikt skal utvidast slik at kommunane har fleire moglegheitar til å vurdere kvar eigaren bur, vil det også ha ei side opp mot eigaren sitt personvern. Det blir viktig å etablere gode rutinar for korleis opplysningar som vert nytta om den enkelte eigar vert behandla av kommunane.

## **6.3 Omsyn som talar for ein utvida kontroll med buplikt**

### **6.3.1 Samfunnsmessig omsyn**

Matrikkeleiningar, særleg landbrukseigedom, er ein av dei viktigaste ressursane vi har i samfunnet. Difor er reglane for korleis slike matrikkeleiningar skal disponerast heilt avgjerande for eigedomsstrukturen i landet og samfunnet som heilskap. Landbrukseigedomar kan innehalde fleire matrikkeleiningar og dette kan få tyding i saker om deling og arv.<sup>221</sup> Det blir dermed viktig for samfunnet å ha oversikt over eigedomsforholda over dei ulike matrikkeleiningane. Dette vil også føre til at Matrikkelen som basisregister får auka kvalitet.

Konsesjonslova skal bidra til at erverv av fast eigedom er i tråd med samfunnet sitt behov for utnytting av eigedomsressursane.<sup>222</sup> Regelverket skal vere eit reiskap for å byggje opp om uttala samfunnspolitiske målsetjingar. Vidare må det vere ein balanse mellom omsynet til at borgarane skal kunne erverve og bruke matrikkeleiningar og omsynet til at samfunnet skal

---

<sup>218</sup> Konsesjonslova § 6

<sup>219</sup> Folkeregisterlova § 6-1

<sup>220</sup> Ibid

<sup>221</sup> NOU 1999:1 Lov om eiendomsregistrering punkt 10.6.3 s. 75 og Rt-1980-151 og Rt-1998-707

<sup>222</sup> Ot.prp.nr.79 (2002-2003) s. 13

kunne verne seg mot ugunstige erverv. Dette skal skape samfunnsmessige hensiktsmessige løysingar for eigar- og brukarforhold.<sup>223</sup>

Det er fleire viktige samfunnsomsyn bak reglane om buplikt. Her kan ein trekkje fram omsynet til busetnad, heilskapleg ressursforvaltning, kulturlandskap og omsynet til sjølvberging i det norske samfunnet. Ettersom innhaldet i buplikta byggjer på reglane om folkeregistrering blir også omsynet til korrekt og sikker informasjon i forvaltninga heilt sentralt.<sup>224</sup>

Slik regelverket er bygd opp i dag blir det ein ubalanse mellom individet sin rett til å disponere over matrikkeleiningar og samfunnet sitt behov for kontroll med buplikt. Det manglar tilstrekkeleg kontroll med kvar eigarane av eigedom har si folkeregistrerte adresse.

Ettersom bustadadresse er knytt opp mot mange rettar og plikter i samfunnet, blir det heilt avgjerande for arbeidet i forvaltninga å vite kvar folk bur. Dette vil også påverke samfunnsplanlegging og tenesteyting i samfunnet. Dette er dermed eit tungvegande samfunnsmessig omsyn.

Dagens folkeregister er moderne og legg til rette for ei effektiv registrering av personopplysningar. Samstundes har landbruksmyndigheitene behov for at Skatteetaten legg meir ressursar i å kontrollere bustadadresser, for å sikre at informasjonen som eksisterar er korrekt. Dette er også nødvendig for å sikre at føremålet med Folkeregisteret om å sikre sikker, korrekt og effektiv registrering av personopplysningar vert nådd.<sup>225</sup>

### **6.3.2 Landbruksmyndigheitene sitt behov for korrekte opplysningar**

Som konsesjonsmynde har kommunane ei avgjerande rolle i kontrollen med buplikt.<sup>226</sup> Kommunen si oppgåve er å hente inn nødvendige opplysningar, legge til rette og ta ei avgjersle i saka. Kommunen skal forvalte verkemidlane i konsesjonslova slik at lokale samfunnsbehov vert ivareteke innanfor ramma av nasjonal politikk. Dette gjeld også for statsforvaltarane som klageinstans i konsesjonssaker. For å klare å gjennomføre denne kontrollen treng dei korrekte opplysningar.

---

<sup>223</sup> Ibid

<sup>224</sup> Folkeregisterlova § 1-2

<sup>225</sup> Ibid

<sup>226</sup> Konsesjonslova § 2

Innhaldet i buplikta, som utelukkande byggjer på reglane om folkeregistrering, hindrar konsesjonsmynda i å nå desse føremåla fullt ut. Folkeregisteropplysningane gjev ikkje fullstendig og korrekte opplysningar knytt til bruksmønstre av eigedomane. Folkeregisteret oppfyller ikkje lenger målsetjinga om å vere eit hjelpemiddel for den kommunale administrasjonen.<sup>227</sup> Det oppstår dermed eit behov for korrekte opplysningar om dei reelle bustadforholda. Dette har også samanheng med at Folkeregisteret ikkje fører god nok materiell kontroll med opplysningane som vert registrert i Folkeregisteret.<sup>228</sup> Dette kan påverke forholdet mellom kommunane og befolkninga ved at kommunane framstår som lite handlekraftige ved handheving av buplikt.

### 6.3.3 Samarbeid og koordinering mellom stat og kommune

Omsynet til å skape eit godt samarbeid mellom stat og kommune har stor tyding for problemstillinga. Begge partar er avhengig av korrekte opplysningar frå den andre for å kunne lykkast med sine arbeidsoppgåver.

I forarbeida til dagens folkeregisterlov vert det peika på at god kvalitet på opplysningane i Folkeregisteret «avhenger av samarbeid og informasjonsutveksling med andre offentlege myndigheter og virksomheter og samhandling med andre registre.»<sup>229</sup> Store delar av opplysningane vert difor lagt inn i registeret basert på dei opplysningane som vert gjeve frå andre offentlege myndar og verksemdar.<sup>230</sup>

Mangel på korrekt informasjon frå Folkeregisteret skapar store økonomiske og ressursmessige utfordringar for kommunane. Omsynet til lokalt sjølvstyre kan tale for at kommunane får større medverknad i arbeidet med Folkeregisteret. Det kommunale sjølvstyret er lovfesta i Grunnlova § 49 andre avsnitt og forarbeida legg opp til at føresegna kan nyttast som eit politisk argument ved utforming av nye lovar og forskrifter.<sup>231</sup> Dette vert grunngeve med at forslag til nye regelverk kan bli møtt med at ei oppgåve kan og bør styrast lokalt.<sup>232</sup> Føresegna må sjåast samanheng med kommunelova § 2-2, som også kan nyttast som tolkingsmoment.<sup>233</sup> Den slår fast i andre ledd at offentlege oppgåver fortrinnsvis bør leggest til det forvaltningsnivået som

---

<sup>227</sup> Ot.prp.nr. 135 (1945-46)

<sup>228</sup> Prop. 164 L (2015-2016) s. 32

<sup>229</sup> Ibid s. 29

<sup>230</sup> Folkeregisterlova § 12

<sup>231</sup> Innst.182 S (2015-2016) s. 7

<sup>232</sup> Ibid

<sup>233</sup> Lov 22. juni nr. 83 om kommuner og fylkeskommuner (heretter kommunelova)

er nærast innbyggjarane. Det bør dermed vere eit tettare samarbeid mellom stat og kommunar for å styrke arbeidet med folkeregistrering.

## **6.4 Oppsummering**

Sjølv om det er fleire vektige omsyn som gjer seg gjeldande i problemstillinga, skapar dagens regelverk ein ubalanse mellom individet sine rettar og plikter og samfunnet sitt behov for korrekt informasjon og kontroll med eigedomsressursane. Denne ubalansen bør korrigerast.



# 7 Kva er ei hensiktsmessig løysing?

## 7.1 Innleiing

Spørsmålet, som på mange måtar har danna ein raud tråd gjennom denne oppgåva, er om automatiserte rutinar kan og bør erstatte menneskeleg kontakt. Det har vore eit stort fokus hjå norske myndigheiter på å skape forenkla reglar om buplikt i konsesjonslovgjevningen og automatiserte rutinar i Folkeregisteret. Ein kan spørje seg om slike prosessar har ført til rettsreglar og eit system som ikkje fungerer etter si hensikt. Denne oppgåva peikar i den retning.

Kommunane sin kontroll med buplikt er ei viktig forvaltningsoppgåve. Den er også viktig i eit større landbrukspolitisk perspektiv, mellom anna for å styrke busetnad og sikre at dei eigedomane som faktisk vert omfatta av buplikt ikkje vert ståande tomme.

Folkeregisteret spelar ei avgjerande rolle med å levere persondata i samfunnet og særleg i arbeidet med å kontrollere buplikt. Samstundes har organet sin funksjonalitet blitt utfordra av både sentralisering, omorganisering og digitalisering. Det er nødvendig å reflektere over potensielle løysingar som kan skape ein betre funksjonalitet, slik at registeret kan halde fram med å tene som ei påliteleg kjelde til personopplysningar i Noreg.

Ein kan stille spørsmål ved om dagens regulering av innhaldet i buplikta fører til at kommunane sin kontroll med buplikt vert ei kunstig forvaltningsoppgåve. Spørsmålet utfordrar både juridiske og politiske spørsmål og skapar grunnlag for å diskutere kva for system vi ynskjer og bør ha.<sup>234</sup>

## 7.2 Forslag til løysing

Det er ei oppfatning blant fleire statsforvaltarar og kommunar at det blir vanskeleg å halde kontroll med buplikt slik den er regulert i dag.<sup>235</sup> Statsforvaltaren i Innlandet skriv at oppbygginga av regelverket ikkje er i samsvar med dei uttalde intensjonane bak buplikta.<sup>236</sup> Desse er i stor grad å oppretthalde reell busetjing i distrikta. Det er tydeleg at det må setjast inn

---

<sup>234</sup> Bakke, 2024

<sup>235</sup> Vedlegg 2, 3, 7 og 8

<sup>236</sup> Vedlegg 4

tiltak for å skape ein større balanse mellom omsynet til individet sine rettar og plikter og tungtvegande samfunnsomsyn.

### 7.2.1 Samarbeid mellom Skatteetaten og landbruksmyndigheitene

Lovgjevar har gjeve Skatteetaten dei rettslege verktøya, men dersom etaten ikkje prioriterar ressursane sine på å handheve folkeregistrerte adresser vil den ikkje leve opp til forventningane.<sup>237</sup> Dette arbeidet kan styrkast med eit betre og større samarbeid med kommunane. Det må også vere meir fokus på å setje inn ressursar for å prioritere handheving av folkeregisterregelverket. Det er Finansdepartementet som har ansvaret for ressursbruken i Skatteetaten og Folkeregisteret. Eit underliggende spørsmål som aktualiserar seg er om det er hensiktsmessig å la Skatteetaten handheve bustadadresser i Folkeregisteret.<sup>238</sup> Det kunne vore eit betre alternativ å organisere handheving av Folkeregisteret under Justisdepartementet, som har større fokus på og meir ressursar til nettopp handheving.

Uavhengig av organisering har kommunane behov for ein generell regel om informasjonsdeling frå folkeregistermyndigheita, slik det opprinneleg vart føreslege i høyringsnotatet frå 2015.<sup>239</sup> Forslaget var å lovfeste ein generell regel for folkeregistermyndigheita til, utan hinder av teieplikt, å kunne varsle andre offentlege myndigheiter og verksemder om opplysningar dei kan ha bruk for i sitt arbeid.<sup>240</sup> Ein liknande heimel for informasjonsdeling av teiepliktige opplysningar i Folkeregisteret ligg i forslaget til endringslov til konsesjonslova som departementet har sendt på høyring i vår:<sup>241</sup>

*«§ 17 a. (forholdet til Folkeregisterloven)*

*Kommunen og statsforvalteren kan uten hinder av taushetsplikt innhente opplysninger fra folkeregistermyndigheten som er nødvendige for å utføre oppgaver etter denne loven eller andre oppgaver som er fastsatt i eller i medhold av lov.»*<sup>242</sup>

---

<sup>237</sup> Bakke 2024

<sup>238</sup> Aspøy og Berg, 2005-2007

<sup>239</sup> Finansdepartementet 2015: 36

<sup>240</sup> Ibid s. 35

<sup>241</sup> Landbruks- og matdepartementet 2024: 39

<sup>242</sup> Ibid vedlegg 1

Ein slik heimel kan vere ei god løysing for landbruksmyndigheitene og deira behov om tilgang på opplysningar.<sup>243</sup> Eit tettare samarbeid mellom kommunane og Skatteetaten har også støtte i Grunnlova § 49 andre avsnitt og kommunelova § 2-2.

### **7.2.2 Vurdering av den reelle bustaden**

Innhaldet i buplikta bør halde fram med å byggje på kvar eigaren av eigedomen har sin reelle bustad. Det vil i utgangspunktet vere mest praktisk å knytte vurderinga av den reelle bustaden opp mot folkeregistrert adresse.<sup>244</sup> Regelen er lett å følgje opp for kommunane og legg opp til ei likebehandling i heile landet.<sup>245</sup> Likevel er den avhengig av oppdaterte folkeregisteropplysningar. Landbruksmyndigheitene bør som ein sikkerheit, i likskap med fiskerimyndigheitene, få ei utvida myndigheit i instruks til å vurdere kvar eigaren av eigedomen har sin reelle bustad. Dei bør kunne gjennomføre egne undersøkingar av kvar eigaren faktisk bur, dersom dette skulle vere tvilsamt. Dette vil også byggje opp under samarbeidet med Skatteetaten, ved at landbruksmyndigheitene kan hente ut informasjon frå Folkeregisteret og bidra til at bustadinformasjonen er korrekt og oppdatert.

Ved å opne opp for at landbruksmyndigheitene kan utføre ei heilskapsvurdering av fleire forhold, legg regelverket opp til ei liknande løysing som i Rt-1997-1099. Dette harmoniserer også med forslaget i endringslova frå 2001.<sup>246</sup> Det har gode grunnar for seg at konsesjonslova nyttar eit relativt og funksjonelt bustadomgrep. Det vil skape eit kvalitetssikkert regelverk med fleire kontrollflater enn berre folkeregistrert adresse.

## **7.3 Oppsummering**

Til tross for at det føreligg klare retningslinjer for korleis kontroll med buplikt på eigedom etter konsesjonslova skal gjennomførast, fungerer ikkje systemet etter si hensikt.<sup>247</sup> Innhaldet i buplikta, som byggjer på reglane om folkeregistrering, har vist seg å ikkje vere tilstrekkeleg for å fatte avgjersler i saker om buplikt.

---

<sup>243</sup> Vedlegg 8

<sup>244</sup> Ibid

<sup>245</sup> Ibid

<sup>246</sup> Ot.prp.nr.33 (2000-2001) s. 64

<sup>247</sup> Bakke 2024

Det grunnleggande problemet med regelverket i dag er at Skatteetaten ikkje fører tilstrekkeleg kontroll med folkeregisteropplysningane. Folkeregisteropplysningane byggjer på eit tillitsbasert system og Skatteetaten har ikkje ressursar til å kontrollere opplysningane. Dette fører til at kvaliteten på handhevinga av både folkeregisterregelverket og buplikt vert mangelfull.

Kommunane har på si side fleire insentiv til å bidra til korrekte folkeregisteropplysningar.<sup>248</sup> Folkeregisteropplysningane har direkte konsekvensar for kontroll med buplikt, men også meir indirekte konsekvensar for offentlege inntekter og belastning på kommunale tenestar. Utfordringa er at kommunane vert hindra av teieplikt og for dårleg samarbeid med Skatteetaten.

Dagens system utfordrar rettssikkerheita til norske borgarar og arbeidet til Skatteetaten mistar legitimitet. Det eksisterar ein ubalanse mellom den private eigedomsretten og samfunnsmessige behov.

Det er gode grunnar til å rette eit blick tilbake til korleis rettstilstanden var før og trekke analogiar til korleis andre primærnæringar vurderar borgarane sin reelle bustad. Ein meir omfattande kontroll av buplikt vil vere i tråd med våre internasjonale forpliktingar og framleis vere meir liberal enn danske bupliksreglar. Det vil ikkje minst hindre at kontroll med buplikt vert ei kunstig forvaltningsoppgåve.

---

<sup>248</sup> Ibid

# Kjelderegister

## Norske lovar

<b>Lov 17. mai 1814</b>	Kongeriket Norges Grunnlov (Grunnlova)
<b>Lov 2. oktober 1967</b>	om behandlingsmåten i forvaltningssaker (Forvaltningsloven)
<b>Lov 31. Mai 1974 nr. 19</b>	om konsesjon ved erverv av fast eiendom (Konsesjonsloven) (oppheva)
<b>Lov 21. mai 1999 nr. 30</b>	om styrking av menneskerettighetenes stilling i norsk lov (Menneskerettsloven)
<b>Lov 27. november 1992 nr. 109</b>	om gjennomføring i norsk rett av hoveddelen i avtale om Det europeiske økonomiske samarbeidsområde (EØS) m.v. (EØS-loven)
<b>Lov 28. november 2003 nr. 98</b>	om konsesjons ved erverv av fast eiendom (Konsesjonsloven)
<b>Lov 17.juni 2005 nr. 90</b>	om mekling og rettergang i sivile tvister (Tvisteloven)
<b>Lov 19. juni 2009 nr. 98</b>	om endring av lov om odelsretten og åsetesretten, lov om konsesjon ved erverv av fast eiendom mv. og lov om jord mv (endringslov)

**Lov 9. desember 2016 nr. 88** om folkeregistrering (Folkeregisterloven)

**Lov 18. juni 2021 nr. 121** om Stortingets ombud for kontroll med forvaltningen (Sivilombudsloven)

**Lov 22. juni 2022 nr. 83** om kommuner og fylkeskommuner (Kommuneloven)

### **Forskrifter**

**Forskrift 14. juli 2017 nr. 1201** Forskrift til folkeregisterloven (Folkeregisterforskriften)

**Forskrift 15. mars 2020 nr. 294** Forskrift om karantene, isolasjon og forbud mot opphold på fritidseiendommer mv. i anledning utbrudd av Covid-19

### **Internasjonale konvensjoner og avtaler**

Den europeiske menneskerettighetskonvensjon - EMK. (1950). *Konvensjon om beskyttelse av menneskerettighetene og de grunnleggende friheter*. (Roma, 4. november 1950). Lovdata. [https://lovdata.no/pro/#document/NL/lov/1999-05-21-30/KAPITTEL\\_2](https://lovdata.no/pro/#document/NL/lov/1999-05-21-30/KAPITTEL_2)

EØS-avtala. (1994). *Avtale om Det europeiske økonomiske samarbeidsområde, Norge*. (Norge 1. januar 1994). Lovdata. [https://lovdata.no/pro/#document/NL/lov/1992-11-27-109/KAPITTEL\\_eosl](https://lovdata.no/pro/#document/NL/lov/1992-11-27-109/KAPITTEL_eosl)

### **Utanlandske lovar**

Lov om landbrugsejendomme (landbrugsloven) av 6. februar 2020 (Danmark)

## **Lovforarbeid**

<b>Ot.prp.nr. 135 (1945-46)</b>	Om lov om folkeregistrer. Justisdepartementet. Direktør Amnæus' utkast til lov om folkeregistrer med motiver
<b>Ot.prp.nr. 6 (1972-1973)</b>	Om lov om konsesjon og om forkjøpsrett for det offentlige ved erverv av fast eiendom (konsesjonsloven)
<b>Innst. O. nr. 60 (1973-1974)</b>	Innstilling frå den utvida justisnemnda om lov om odelsretten og åsetesretten
<b>St. Meld. Nr. 19 (1999-2000)</b>	Om norsk landbruk og matproduksjon
<b>NOU 1999:1</b>	Lov om eiendomsregistrering
<b>Ot.prp.nr.33 (2000-2001)</b>	Om lov om endringer i konsesjonsloven og odelsloven m.v. (opphevelse av forkjøpsrett og heving av arealgrenser)
<b>Innst.O.nr.61 (2000-2001)</b>	Innstilling fra næringskomiteen om lov om endringer i konsesjonsloven og odelsloven m.v. (opphevelsen av forkjøpsrett og heving av arealgrenser)
<b>Ot.prp.nr. 79 (2002-2003)</b>	Om lov om konsesjon ved erverv av fast eiendom (konsesjonsloven) mv.
<b>NOU 2001: 32 B</b>	Rett på sak – Lov om tvisteløsning (Tvisteloven)
<b>Ot.prp.nr.1 (2006-2007)</b>	Skatte- og avgiftsopplegget 2007 – lovendringar

<b>St. Meld. Nr. 17 (2006-2007)</b>	Eit informasjonssamfunn for alle
<b>Innst.O.nr.10 (2006-2007)</b>	Innstilling frå finanskomiteen om skatte- og avgiftsopplegget 2007- lovendringar
<b>Ot.prp.nr.44 (2008-2009)</b>	Om lov om endring av lov om odelsretten og åsetesretten, lov om konsesjon ved erverv av fast eiendom mv. og lov om jord mv.
<b>Prop. 164 L (2015-2016)</b>	Lov om folkeregistrering (folkeregisterloven)
<b>Innst.182 S (2015-2016)</b>	Grunnlovsforslag om tillegg i Grunnloven § 49 om grunnlovsfesting av lokaldemokratiet
<b>Innst. 65 L (2016-2017)</b>	Innstilling til Stortinget fra finanskomiteen om Lov om folkeregistrering (folkeregisterloven)
<b>Dokument nr. 15:1321 (2023-2024)</b>	Skriftlige spørsmål og svar Landbruks- og matdepartementet <a href="https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Sporsmal/Skriftlige-sporsmal-og-svar/Skriftlig-sporsmal/?qid=97808">https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Sporsmal/Skriftlige-sporsmal-og-svar/Skriftlig-sporsmal/?qid=97808</a>
<b>NOU 2024: 7</b>	Norge og EØS: Utvikling og erfaringer
<b>Danske forarbeid</b>	
<b>BEK nr 561 af 06/05/2022</b>	Regelbekendtgørelse
<b>VEJ nr 9702 af 23/06/2022</b>	Vejledning til lov om landbrugsejendomme



## **Høgsterettsavgjersler**

Rt-1980-151

Rt-1988-1110

Rt-1991-905 U

Rt-1997-1099

Rt-1997-721 U

Rt-1997-1286 U

Rt-1998-707

Rt-2001-1617

Rt-2005-607 (Sandholmen)

Rt-2005-833

Rt-2011-304 (Frøholm)

## **Avgjersler frå EMD**

**Sak 5856/72**

*Tyrer mot Storbritannia, 25. april 1978*

**Sak 6538/74**

*Sunday Times mot Storbritannia, 26. april 1979*

**Sak 7151/75; 7152/75**

*Sporrong og Lönnroth mot Sverige, 23. september 1982*

**Sak 8793/79**

*James mfl. mot Storbritannia, 21. februar 1986*

**Sak 49429/99**

*Capital Bank AD mot Bulgaria, 24. februar 2006*

**Sak 35014/97**

*Hutten-Czapska mot Polen, 19. juni 2006*

**Sak 13221/08; 2139/10**

*Lindheim mfl. mot Norge, 12. juni 2012*

## Avgjersler frå EU-domstolen

Sak C-452/01

*Margarethe Ospelt og Schlossle Weissenberg Familienstiftung*, 23. september 2003

Sak C-370/05

*Uwe Kay Festersen mot Danmark*, 25. januar 2007.

## Avgjersler frå ESA

Saksnummer 3040, 59007, 62109

*ESA mot Norge*, 17. juli 2012

## Uttalingar frå Sivilombodet

SOM-2022-2945

SOM-2022-2957

## Juridisk litteratur

### **Bøkar og avhandlingar**

Aall, Jørgen. (2018). *Rettsstat og menneskerettigheter*. (5. utgåve). Fagbokforlaget.

Austenå, Torgeir. (1978). *Konsesjonsreglane for fast eigedom*. Det Norske Samlaget.

Bertelsen, Tor Ehlers. (2011). *EMK. Kommentarer til bestemmelsene om individets rettigheter og friheter*. Gyldendal Akademiske.

Boe, Erik Magnus. (2012). *Grunnleggende juridisk metode: En introduksjon til rett og rettstenkning*. (3. utgåve). Universitetsforlaget.

Eckhoff, Torstein. (2001). *Rettskildelære*. (5 utgåve ved Jan E. Helgesen). Universitetsforlaget.

EGgen, Emma Myklebust. (2023). *Frifunnet for straff, men likevel ansvarlig. Bør sivile krav kunne pådømmes ved frifinnende straffedom?* [Masteroppgåve, Universitetet i Bergen]. <https://hdl.handle.net/11250/3086805>

Falkanger, Thor; Falkanger, Aage Thor. (2007). *Tingsrett*. (6. utgåve). Universitetsforlaget.

Falkanger, Thor; Falkanger, Aage Thor. *Tingsrett*. (2013). (7. utgåve). Universitetsforlaget.

Falkanger, Thor. (2016) *Fast eiendoms rettsforhold*. (5. utgåve). Universitetsforlaget.

Levin, Irene; Trost, Jan. (2003). *Særbo – ett par, to hjem*. N.W.DAMM & SØN AS

Offstad, Thomas S. *Karnov lovkommentar til folkeregisterloven*. I Lovdata Pro (2022). Henta 10. april 2024.

Skoghøy, Jens Edvin A. (2018). *Rett og Rettsanvendelse*. Universitetsforlaget.

Skattedirektoratet. (2021). *Folkeregisterhåndboken*. (1. utgåve).

<https://www.skatteetaten.no/globalassets/rettskilder/handboker/folkeregistrering/folkeregisterhandboken-2021-1.pdf>

Skattedirektoratet. (2022). *Folkeregisterhåndboken*. (2. utgåve)

<https://www.skatteetaten.no/globalassets/rettskilder/handboker/folkeregistrering/folkeregisterhandboken-v2-2022.pdf>

Stemsrud, Odd. (2020). *EØS-rett i et nøtteskall*. (2. utgåve). Gyldendal.

Strand, Vibeke Blaker; Larsen, Kjetil Mujezinovic. (2015). *Menneskerettigheter i et nøtteskall*. (1. utgåve). Gyldendal.

## Artiklar

Aspøy, Arild; Berg, Lars Petter. (2005-2007). *Finansdepartementet. Store norske leksikon* på snl.no. Henta 23. januar 2024 frå <https://snl.no/Finansdepartementet>

Backer, Inge Lorange. (2007). *Hvor bor vi?, Rett og toleranse: Festskrift til Helge Johan Thue s. 120-133*. Gyldendal akademiske.

Bakke, Gro (2024). *Bør folkeregistrert adresse vere avgjerande for oppfyljing av buplikt?* <https://www.ks.no/ks-advokatene/nyheter/bor-folkeregistrert-adresse-vere-avgjerande-for-oppfyljing-av-buplikt/>

Elgesem, Frode. (2003). *Tolking av EMK – Menneskerettsdomstolens metode*, LoR nr. 4. <https://juridika.no/tidsskrifter/lov-og-rett/2003/4-5/artikkel/elgesem>

Jorem, Henrik. (2021). *Eiendomsvernet i EMK*. Jussens venner vol. 56, s. 79-112 <https://www.idunn.no/doi/abs/10.18261/issn.1504-3126-2021-03-01>

Mæhle, Synne Sæther. (2005, 4.mars). *Gjelder det andre regler for rettslig argumentasjon i rettsdogmatikken enn for domstolene?* <https://www.idunn.no/doi/abs/10.18261/ISSN1504-3126-2004-05-06-04>

Reinslo, Øyvind; Eidissen, Stig. (2022). *Hvilken rettslig betydning har Grunnloven § 49 andre avsnitt?* <https://www.ks.no/ks-advokatene/nyheter/grunnloven-49-andre-avsnitt/>

## Høyringsnotat

Finansdepartementet. (2003). *Utlevering av opplysninger fra Folkeregisteret*. [Høyringsnotat].

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/horing-utlevering-av-opplysninger-fra-fo/id96076/?expand=horingsnotater>

Landbruks- og matdepartementet. (2014). *Oppheving av konsesjonsloven og boplikt*. [Høyringsnotat].

<https://www.regjeringen.no/contentassets/c198e797a8ad457fb62ba8921f5a06a0/hoeringsnotat.pdf>

Finansdepartementet. (2015). *Ny folkeregisterlov*. [Høyringsnotat].

[https://www.regjeringen.no/contentassets/4934e13a7bf84cd88430943f96f07f91/horingsnotat\\_ny\\_folkeregisterlov\\_msr.pdf](https://www.regjeringen.no/contentassets/4934e13a7bf84cd88430943f96f07f91/horingsnotat_ny_folkeregisterlov_msr.pdf)

Skatteetaten. (31.mai 2023). *Endring av reglene om oppløsning av felles hjem i folkeregisterforskriften § 5-2-1 tredje ledd, nytt fjerde ledd*. (2023/2003). [Høyringsnotat]

<https://www.skatteetaten.no/contentassets/0e2185444a994131874050d521c49a46/2023-5-horingsnotat-2.pdf>

Landbruks- og matdepartementet. (24. april 2024). *Forslag til lov om endringer i konsesjonsloven*. (24/759) [Høyringsnotat]

<https://www.regjeringen.no/contentassets/d5914f57c2f8426bb499b44ce3eb2fc8/horingsnotat-enderinger-i-konsesjonsloven.pdf>

## Høyringsvar

Datatilsynet. (2015, 13.juni). *Datatilsynets høringsuttalelse – Forslag til ny folkeregisterlov – Finansdepartementet*. (12/2667). [Høyringsvar]

[https://www.regjeringen.no/contentassets/7b1679cac4e14954aa8225647bb82187/71\\_datatilsynet.pdf?uid=Datatilsynet](https://www.regjeringen.no/contentassets/7b1679cac4e14954aa8225647bb82187/71_datatilsynet.pdf?uid=Datatilsynet)

## Rundskriv

Landbruks- og Matdepartementet. (2009). *Konsesjon og boplikt (M-2/2009)*. [Rundskriv]

[https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/lmd/vedlegg/regelverk/rundskriv\\_m\\_2\\_2009\\_av\\_271112.pdf](https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/lmd/vedlegg/regelverk/rundskriv_m_2_2009_av_271112.pdf)

Landbruks- og Matdepartementet. (2021). *Konsesjon, priskontroll og boplikt (Nr. M-1/2021)*. [Rundskriv]

<https://www.regjeringen.no/contentassets/ed0768e3f6114644b1687ff7b49ceb1a/rundskriv-konsesjonslov-m-1-2021.pdf>

## Rapportar

Finansdepartementet. (15. juni 2007). *Grunndatarapporten. Utrveksling av grunndata på personinformasjonsområdet*. (Versjon nr. 1). Finansdepartementet.

<https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/fin/vedlegg/sl/rapporter/persondatarapport---15-06-2007.pdf>

Prosjekt Nye Skatt; Frang, Elisabeth Strauman. (4. april 2017). *Overordnet organisering av Skatteetaten*. Skatteetaten.

<https://www.skatteetaten.no/globalassets/om-skatteetaten/karriere/toppleder/toppleder-overordnet-organisering.pdf>

Riksrevisjonen. (27. april 2023). *Riksrevisjonens undersøkelse av Stortingets økonomiske ordninger til representanter*. Dokument 3:10 (2022-2023).

<https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Publikasjoner/Dokumentserien/2022-2023/dok3-202223/dok3-202223-010/?lvl=0>

## **Nettbaserte kjelder**

<https://www.stortinget.no/no/Stortinget-og-demokratiet/Lover-og-instrukser/retningslinjer-for-tildeling-av-stortingets-pendlerboliger/> (Lest 4.januar 2024)

<https://www.ssb.no/befolkning/artikler-og-publikasjoner/50-arsjubilar-med-behov-for-oppradering> (Lest 13. januar 2024)

Gudbrandsdalen. (2022, 11. januar). Nå jeger mange om hvor de bor. *Gudbrandsdalen*. <https://www.gd.no/na-jeger-mange-om-hvor-de-bor/o/5-18-1484327> (Lest 30. januar 2024)

<https://www.bondelaget.no/bondelaget-mener/eiendomspolitik/boplikt/> (Lest 1. februar 2024)

Karlsen, Ola. (2023, 6. februar). Frustrerte kommuner kan ikke sjekke om folk lyver om bosted. *Nationen*. <https://www.nationen.no/frustrerte-kommuner-kan-ikke-sjekke-om-folk-lyver-om-bosted/s/5-148-82247> (Lest 1.februar 2024)

<https://www.skatteetaten.no/om-skatteetaten/om-oss/organisasjon-og-ledelse/organisasjonen/> (Lest 17.februar 2024)

Mon, S.T. (2020, 22.mars) Mangedobling av folk som prøver å melde permanent flytting til hytta. *NRK*. <https://www.nrk.no/norge/mangedobling-av-folk-som-prover-a-melde-permanent-flytting-til-hytta-1.14956109> (Lest 11.mars 2024)

Ulvik, Rune. (2023, 13. september). Boligtabbe kan endre valgresultatet: Smith-Sivertsen var ikke valgar og mister plassen. *Nettavisen*. <https://www.nettavisen.no/nyheter/boligtabbe-kan-endre-valgresultatet-smith-sivertsen-var-ikke-valgbar-og-mister-plassen/s/5-95-1327525> (Lest 1.april 2024)

Solberg, Emilie og Feratovic, Leila. (2020, 19.november). Skatteflukt til Bø i Vesterålen: Møter færre krav om dokumentasjon enn skatteflyktninger til utlandet. *Dagens Næringsliv*. <https://www.dn.no/politikk/bjorn-dahlie/vesteralen/hadia-tajik/skatteflukt-til-bo-i-vesteralen-moter-farre-krav-om-dokumentasjon-enn-skatteflyktninger-til-utlandet/2-1-914162> (Lest 1.april 2024)

Løberg, Anne Kari og Slåen, Geir Olav. (2020, 20. mars). Trosser justisministeren – krever karantene for alle som kommer til kommunen. *NRK*. <https://www.nrk.no/innlandet/krever-karantene-for-a-slippe-inn-i-kommunen-1.14954568>  
(Lest 5.april 2024)

Bø, Tove og Grimstveit, Gunnar. (2014, 4. november). Taper millioner av kroner. *NRK*. <https://www.nrk.no/buskerud/taper-millioner-av-kroner-1.12023828>  
(Lest 5.april 2024)

# Vedlegg

## Vedlegg 1



Fiskeridirektoratet  
Postboks 185 Sentrum  
Strandgaten 229  
5804 BERGEN

Deres ref

Vår ref  
16/999-1

Dato  
7. april 2016

### **Instruks om registrering av bosted i fiskermanntallet mv.**

Bostedet til eiere av fiskefartøy og andre fiskere har betydning i forhold til flere bestemmelser i fiskeriregelverket.

For eksempel er det et krav at fartøyeier må være registrert som bosatt i Øst-Finnmark i fiskermanntallet for å kunne delta i åpen gruppe i det kvoteregulerte fisket etter kongekrabbe, jf. deltakerforskriften for 2016 § 41 bokstav d. Et annet eksempel er den såkalte fylkesbindingen som gjelder i enkelte torskefiskerier ved salg av fartøy for fortsatt drift og ved såkalt splitting av deltakeradgang. Fylkesbindingen innebærer at kjøper og selger må være registrert som bosatt i samme fylke i fiskermanntallet i minst 12 måneder før kjøpet finner sted, jf. deltakerforskriften 2006 §§ 45 og 46. Et tredje eksempel kan være kravet om at fartøyeier er bosatt i et nærmere definert område for å kunne fiske kystfiskekvote av torsk i åpen gruppe nord for 62 grader nord. Bosted kan også ha betydning selv om det ikke gjelder et krav om manntallsføring. For eksempel innebærer bostedskravet i deltakerloven § 5 a at minst halvparten av mannskapet samt fartøyfører på norske fiskefartøy må være bosatt i norsk kystkommune eller nabokommune til norsk kystkommune.

Disse reglene innebærer at fiskere vil kunne ha insentiver til å registrere feil bosted både i fiskermanntallet og folkeregisteret, for å omgå ulike bestemmelser i fiskeriregelverket. Det er derfor viktig at fiskerimyndighetene fører kontroll med at riktig bosted til enhver tid er registrert i fiskermanntallet.

Forskrift 18. desember 2008 nr. 1436 om manntal for fiskarar og fangstmenn (manntallsforskriften) har flere bestemmelser som har betydning for registrering av bosted i fiskermanntallet. Det følger av manntallsforskriften § 9 fjerde ledd annet punktum at det skal

---

Postadresse  
Postboks 8118 Dep  
0032 Oslo  
postmottak@nfd.dep.no

Besøksadresse  
Grubbegata 1  
www.nfd.dep.no

Telefon\*  
22 24 90 90  
Org.nr.  
912 660 680

Fiskeri- og  
havbruksavdelingen

Saksbehandler  
Christian Wormstrand

framgå av manntallet hvilken kommune den manntallsførte er bosatt i. Det følger videre av § 8 første ledd at den manntallsførte plikter å gi melding til Fiskeridirektoratets regionkontor dersom vedkommende flytter til utlandet eller annen kommune. Dersom det er grunn til tvil om flytting til annen kommune er reell, skal registrering i ny kommune ikke skje før det er godtgjort at flyttingen er gjennomført, jf. § 11 tredje ledd annet punktum. Regionkontoret kan kreve dokumentasjon for at faktisk flytting er gjennomført.

Ved vurderingen av hvor en fisker skal registreres som bosatt i manntallet, er det folkeregisterets regler om bosted som skal legges til grunn. Vi viser i den forbindelse særlig til forskrift 9. november 2007 nr. 1268 om folkeregistrering kapittel 4 og 5 om henholdsvis hvem som skal regnes som bosatt i Norge og hvor i Norge en person skal regnes som bosatt.

Fiskerimyndighetene er imidlertid ikke bundet av bostedsregistreringene som faktisk gjøres i folkeregisteret. Både ved føring av fiskermanntallet og ved vurdering av andre søknader etter fiskeriregelverket, kan fiskerimyndighetene legge et annet bosted enn det folkeregistrerte til grunn dersom omstendighetene tilsier det. Det kan være ulike forhold som tilsier at fiskerimyndighetene i den enkelte sak bør legge et annet bosted til grunn.

Departementet vil i denne forbindelse be Fiskeridirektoratet om å kreve at fiskeren legger fram all relevant dokumentasjon før flytting til ny kommune kan registreres i fiskermanntallet, dersom omstendighetene tilsier det. Relevant dokumentasjon kan for eksempel være dokumentasjon på ny bolig, og på at vedkommende ikke lenger disponerer tidligere bolig. Det kan også være aktuelt å kreve dokumentasjon på arbeidssted og bosted for nærmeste familie. Denne listen er ikke uttømmende.

Ved vurderingen av hvilket bosted som skal legges til grunn, må Fiskeridirektoratet i slike tilfeller både se hen til framlagt dokumentasjon og andre relevante omstendigheter. Dersom det etter denne vurderingen fortsatt er grunn til tvil om flyttingen er reell, skal registrering i ny kommune ikke skje før det er godtgjort at flyttingen er gjennomført, jf. manntallsforskriften § 11 tredje ledd annet punktum.

Dersom fiskeren melder fra om flytting til regionkontoret lenge etter at flyttingen er meldt til folkeregisteret, vil det være ekstra grunn til å vurdere om flyttingen er reell. Det vil i tilfelle også kunne være grunn til å stille spørsmål ved om den manntallsførte har oppfylt sin plikt til å gi melding til regionkontoret etter manntallsforskriften § 8.

Det vil undertiden også være behov for at Fiskeridirektoratet vurderer om en flytting er reell etter at den er registrert i fiskermanntallet, og dessuten om manntallsførte fiskere har flyttet til ny kommune uten å oppfylle sin plikt til å melde fra om dette til Fiskeridirektoratets regionkontor, jf. manntallsforskriften § 8 første ledd. For å unngå at feilaktige bostedsregistreringer i fiskermanntallet blir stående over tid, vil departementet derfor be direktoratet om å foreta slike undersøkelser med en viss regelmessighet, og dessuten dersom konkrete omstendigheter i den enkelte sak skulle tilsi det.



---

Denne instruksen erstatter Fiskeri- og kystdepartementets brev 6. desember 2007 om "Føring av Fiskermanntallet – innskjerping av praksis for å unngå pro forma flyttinger."

Med hilsen

Vidar Landmark  
ekspedisjonssjef

Martin H. Bryde  
avdelingsdirektør

*Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signaturer.*

## Vedlegg 2



Statsforvaltaren i Innlandet

Vår dato:

04.03.2024

Vår ref:

2024/1941

Dykkar dato:

Dykkar ref:



Saksbehandlar, innvalstelefon

Kari Steberg

### Folkeregisteret og kontroll av boplikt - mastergradsoppgåve

Viser til e-post motteken 20.2.2024.

Du har stilt desse spørsmåla:

*- Er det er mange av disse sakene som vert klaga inn til Statsforvaltaren? Er det i såfall mogleg å få tilsendt noko statistikk på feltet? Kor mange saker får kommunane medhald i og eventuelt klagar?*

Vi har ikkje statistikk over desse sakene. Erfaring tilseier at vi mottek slike saker til klagebehandling jamleg og det er ei kjend utfordring. Vårt inntrykk er at kommunar som har innført såkalla nullgrenseforskrifter har flest saker om buplikt. For innlandet gjeld dette: Dovre, Lesja, Nord-Odal, Vang, Vestre Slidre, Vågå, Øyer, Øystre Slidre.

*- Kva er det som er mest utfordrande for Statsforvaltaren når det gjeld folkeregisteret og handheving av buplikt?*

Den største utfordringa for oss er det du sjølv peiker på, nemleg mangelen på oppfølgingsmoglegheiter. Førebels kan ikkje kommunane gjere noko anna enn å melde avvik til folkeregisteret i tilfelle der nokon er folkeregistrert på eigedomen utan å faktisk bo der.

*- Korleis handterer Statsforvaltaren desse utfordringane, knytt til å sikre at folkeregisteradresse samsvarar med faktiske buforhold? Og kva kan dykk faktisk setje i gang av tiltak?*

Statsforvaltaren kan kontrollere at søkjaren er folkeregistrert på adressa. Utover dette kan vi ikkje gjere noko og vi har fått klare føringar frå overordna myndigheit om at dette er uttrykk for gjeldande politikk. Sjå vedlagde brev frå Landbruksdirektoratet og Landbruks- og matdepartementet.

*- Kva vil vere ein hensiktsmessig løysing på problemet frå dykkar perspektiv? Er det nokre spesifikke ressursar eller tiltak som ville vore av nytte for å handtere desse utfordringane betre?*

Dette er politiske spørsmål som må avgjerast på høgare hald. Vår oppfatning er at det vert vanskeleg å følgje opp buplikta i nokon grad slik regelverket er i dag. Slik regelverket er i dag er det i røynda eit lovkrav om å ha folkeregistrert adresse på eigedomen, noko som ikkje samsvarar med dei uttalde intensjonane bak buplikta, som i stor gard handlar om å oppretthalde reell busetjing i distrikta. Tiltak som kunne vore av nytte er betre kommunikasjon med skatteetaten som ansvarleg myndigheit for folkeregisteret.

*- Skjer det mange tvangssal pga. mangel på oppfyljing av buplikt og dermed manglande konsesjon?*

Nei. Vi kan ikkje hugse å ha att sakar som enda med tvangssal dei siste fem åra. Det er mange sakar der manglande oppfyljing av buplikta er eit tema, og mange av desse er

E-postadresse:  
sfinpost@statsforvaltaren.no  
Sikker melding:  
www.statsforvaltaren.no/melding

Postadresse:  
Postboks 987  
2604 Lillehammer

Besøksadresse:  
Gudbrandsdalsvegen 186,  
Lillehammer  
Parkgata 36, Hamar

Telefon: 61 26 60 00  
www.statsforvaltaren.no/in  
Org.nr. 974 761 645



tidkrevjande og vanskelege. Men dei aller fleste finn minnelege løysningar før tvangssal vert ein realitet. I dei fleste tilfella der det har gått så langt at myndigheitene har varsla tvangssal endar det med at eigaren sel eigedomen frivillig.

*- Er det slik at Konesjonsloven skal gjennomgå endringar i nærmaste framtid?*

Det veit vi ikkje. Landbruks- og matdepartementet er ansvarleg myndigheit.

Vi ønskjer deg lykke til med arbeidet med mastergradoppgåva!

Med helsing

Øyvind Gotehus (e.f.)  
avdelingsdirektør

Kari Steberg  
seniorrådgivar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Vedlegg:

- 1 Boplikt folkeregister spørsmål knyttet til konsesjonsloven § 7 tredje og fjerde ledd, jf. § 6
- 2 LDIR Svar på spørsmål knyttet til konsesjonsloven § 7 tredje og fjerde ledd, jf. § 6
- 3 Oppfølging av fiktiv bosetting- Skatteetaten

## Vedlegg 3



**Statsforvalteren i Trøndelag**

Trööndelagen Staatehaaltoje

Vår dato:

19.02.2024

Vår ref:

2024/1983

Deres dato:

Deres ref:



Saksbehandler, innvalgstelefon

Linda Sagen Lilleenget,

### Tilbakemelding - førespurnad om kontroll av buplikt

Vi viser til din e-post av 05.02.2024 vedrørende spørsmål knytta til ein masteroppgåve du skal skriva om folkeregisteret og kontroll av buplikt.

Først og fremst vil vi takke for førespurnaden. Det er eit viktig tema du ønsker å ta opp i din masteroppgåve.

Som du er kjent med, så vil ein som har erverva landbrukseigedom konsesjonsfritt frå nær slekt ha lovbestemt buplikt på eigedomen jf. konsesjonsloven § 5. Det følger av konsesjonsloven § 6 at ervervaren må ta eigedomen som sin reelle bustad. Og vidare at eigedomen er å rekne som tatt til reell bustad når eigaren har folkeregistrert bustadadresse på den aktuelle eigedomen. Dersom vedkomande eigar har folkeregistrert bustadadresse på eigedomen, så verken kan, eller skal, kommunen eller statsforvaltaren gjera ytterlegare kontrollar. Dette er nærare omtala i rundskriv M-1/2021 om konsesjon, priskontroll og boplikt.

Som du sikkert er kjent med, så er konsesjonsloven § 6 endra eit par gonger opp gjennom åra. Tidlegare innebar vilkåret om reell bustad at konsesjonsmyndigheita måtte kontrollere kor eigaren hadde sin overvegande andel av døgnkvile, kor han vaska klede og gjorde sine innkjøp. Regelendringa i 2009 kom som følge av eit ønske om ein forenkla oppfølging og kontroll for konsesjonsmyndigheita. Det er krevjande å skulle driva såkalla «dyneløfting» for å finne ut kor nokon søv meir enn 50 % av årets netter. Regelverket vart forenkla i den forstand at ein no berre skal sjekke om vedkomande har folkeregistrert adresse på eigedomen eller ikkje. Noko anna skal ikkje konsesjonsmyndigheita føreta seg for å sikra at folkeregistrert adresse samsvarar med reell bustad. Men dette opnar jo også for smothol i regelverket og i realiteten ligg no kontrollfunksjonen hos Skatteetaten.

I vårt fylke er vi særleg kjent med ei sak der problemstillinga har vorte sett på spissen. Det gjeld ein gardbrukar som har landbrukseigedomar både i kommunane Grong og Høylandet. Det har vore mykje i media om denne saka, og du vil finne saka ved å gjere eit søk på Google. Dersom du ønsker ytterlegare opplysningar om denne saka, så er det berre å ta kontakt.

E-postadresse:  
sftlpost@statsforvalteren.no  
Sikker melding:  
[www.statsforvalteren.no/melding](http://www.statsforvalteren.no/melding)

Postadresse:  
Postboks 2600  
7734 Steinkjer

Besøksadresse:  
Strandveien 38, Steinkjer  
Prinsens gt. 1, Trondheim

Telefon: 74 16 80 00  
[www.statsforvalteren.no/tl](http://www.statsforvalteren.no/tl)  
Org.nr. 974 764 350



Vi legg ved brev vi sendte til Skatteetaten og Landbruksdirektoratet i juni 2019 i kjølevatnet av den nemnde saka, og etatane sine svarbrev til oss. Her er det mellom anna verdt å merke seg at både den lovbestemte buplikta etter konsesjonsloven § 5 og den vilkårsbestemte buplikta etter konsesjonsloven § 11 er forutsett oppfylt på same måte – med folkeregistrert adresse.

Vi er ikkje kjende med at det er planlagt endringar i konsesjonsloven i nær framtid.

Håper dette er litt til hjelp. Lykke til med masteroppgåva!

Med helsing

Audhild Synnøve Slapgård (e.f)  
landbruksdirektør  
Landbruksavdelingen

Linda Sagen Lilleenget  
juridisk seniorrådgjevar  
Landbruksavdelingen

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

## Vedlegg 4



**Fylkesmannen i Trøndelag**

*Tröndelagen fylhkenåлма*

Vår dato:

26.06.2019

Vår ref:

2018/2053

Deres dato:

Deres ref:

Landbruksdirektoratet  
Postboks 1450  
0116 OSLO

Saksbehandler, innvalgstelefon  
Trine Gevingås, 73 19 92 72

### **Innholdet i boplikten etter konsesjonsloven - svakheter ved systemet med folkeregistrering**

Fylkesmannen ønsker å rette søkelyset mot en problemstilling som vi får stadig hyppigere tilbakemeldinger fra kommunene på.

Innholdet i boplikten etter konsesjonsloven er definert i konsesjonsloven § 6: «En eiendom er tatt som reell bolig hvis eieren er registrert bosatt på eiendommen etter regler fastsatt i eller i medhold av lov 9. desember 2016 nr. 88 om folkeregistrering.»

I tilfeller der kommunen registrerer at en eiendom blir stående ubebodd, består kontrolloppgaven i å undersøke om skattekontoret har registrert eieren som bosatt på eiendommen etter folkeregisterloven. Dersom eieren er godkjent folkeregistrert på eiendommen, har landbruksmyndigheten etter det vi har forstått ingen ytterligere mulighet til å følge opp manglende bosetting.

Etter at reglene om innholdet i boplikten ble endret til å være folkeregistrering på en eiendom, har vi ved gjentatte anledninger fått tilbakemeldinger fra flere av våre kommuner om at eiere som er godkjent folkeregistrert på sine landbrukseiendommer, i realiteten ikke er bosatt der. Vår erfaring er at skattemyndighetene i liten grad følger opp tilfeller der landbruksmyndighetene har meldt fra om at eier i realiteten ikke er bosatt der vedkommende har boplikt. Vi er bekymret for en utvikling der boplikten på landbrukseiendom i realiteten uthules, og ber om at våre overordnede myndigheter ser på problemstillingen.

Bakgrunnen for denne henvendelsen skyldes en konkret sak fra en av våre kommuner, der eier av en landbrukseiendom har fått godkjent folkeregistrering på en eiendom som han har fått konsesjon på. Boplikten følger altså av et konsesjonsvilkår. Kommunen mener å ha kunnskap om at eier i

E-postadresse:  
[fmlpost@fylkesmannen.no](mailto:fmlpost@fylkesmannen.no)  
Sikker melding:  
[www.fylkesmannen.no/melding](http://www.fylkesmannen.no/melding)

Postadresse:  
Postboks 2600  
7734 Steinkjer

Besøksadresse:  
Strandveien 38, Steinkjer  
Prinsens gt. 1, Trondheim

Telefon: 74 16 80 00  
[www.fylkesmannen.no/tl](http://www.fylkesmannen.no/tl)  
Org.nr. 974 764 350



realiteten bor i en annen kommune med sin familie. Det oppleves som lite formålstjenlig at landbruksmyndighetene ikke har mulighet til å følge opp en slik sak, all den tid eier er godkjent folkeregistrert på eiendommen. Kommunen har tipset skattemyndighetene om at eieren ikke er reelt bosatt på eiendommen der han er folkeregistrert, men får ingen tilbakemelding på hvordan skattemyndighetene eventuelt følger opp saken. Dette oppleves som en svakhet.

Vi ber også om at våre overordnede myndigheter vurderer følgende problemstilling: Innholdet i boplikten i konsesjonsloven § 6 gjelder direkte boplikt som betingelse for et konsesjonsfritt erverv etter samme lovs § 5 andre ledd. Vi er usikre på om § 6 også gjelder for boplikt som følger av et vilkår etter § 11, eller om myndighetene står friere i sin oppfølging av boplikt som følger av et konsesjonsvilkår.

Med hilsen

Magnhild Melandsø (e.f.)  
Seksjonsleder  
Landbruksavdelingen

Trine Gevingås  
seniorrådgiver  
Landbruksavdelingen

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:  
Grong kommune Postboks 162 7871 GRONG

## Vedlegg 5



Fylkesmannen i Trøndelag  
Pb 2600  
7734 STEINKJER

Vår dato: 25.03.2020  
Vår referanse: 19/28363 - 3  
Deres dato: 26.06.2019  
Deres referanse:

### **Innholdet i boplikten etter konsesjonsloven - svakheter ved systemet med folkeregistrering**

Det vises til henvendelse fra dere datert 26. juni 2019, saksnummer 18/2053. Det vises til foreløpig svar fra oss datert 10. oktober 2019.

#### **Reglene om oppfyllelse av boplikt er ikke planlagt revidert**

Henvendelsen tar opp problemstillinger knyttet til kommunenes opplevelse av at innholdet i boplikten uthules gjennom koblingen mellom konsesjonslovens regler om oppfyllelse av boplikt til Skatteetatens regelverk om folkeregistrert adresse. Kommunene gir uttrykk for at de i liten grad opplever at Skatteetaten tar deres henvendelser om reelt bosted for eiere av landbrukseiendom med boplikt opp til behandling.

Fylkesmannen uttrykker selv en bekymring for at regelverket om boplikt med dette blir uthulet. Fylkesmannen ber om at overordnede myndigheter ser på regelverket.

Koblingen mot Skatteetatens regelverk om folkeregistrert adresse ble tatt inn ved lovendring i 2009 med hensikt å lette kommunens kontrollarbeid på feltet. Landbruksdirektoratet er ikke kjent med at konsesjonslovens regler om boplikt er planlagt endret. Overordnet myndighet, Landbruks- og matdepartementet, anses orientert gjennom mottakelse av kopi av brevet her.

#### **Spørsmål om konsesjonsloven § 6, jf. § 5 annet ledd, gir føringer for boplikt som vilkår ved erverv av konsesjonspliktig landbrukseiendom, jf. § 11**

Rent konkret spør Fylkesmannen i Trøndelag om en kommune i sitt kontrollarbeid står friere til å vurdere innholdet i begrepet «reell» bolig der hvor eier har fått boplikt som følge av vilkår i konsesjonsvedtak. Vi tolker dette som et spørsmål om det i disse sakene kan være rom for å gå lenger i å spesifisere hva innholdet i boplikten i så fall skal være, typisk om man i vilkår i konsesjonssak kan fastsette at det ikke kun er folkeregistrert adresse som avgjør om boplikten er oppfylt – erverver må eksempelvis beviselig, fysisk bebo eiendommen de neste fem åra.

Landbruksdirektoratet  
Org.nr: NO 981 544 315 MVA  
www.landbruksdirektoratet.no  
postmottak@landbruksdirektoratet.no

**Postadresse**  
Postboks 1450 Vika  
0116 Oslo  
Telefon: +47 78 60 60 00

**Besøksadresse**  
Stortingsgt. 28, 0161 Oslo  
Løkkeveien 111-0301, 9510 Alta  
Skolegata 22, 7713 Steinkjer



Fra rundskriv M-3/2017 kap. 8.4.2 side 34 flg.: «§ 11 første ledd bestemmer at det kan fastsettes slike vilkår som i hvert enkelt tilfelle finnes påkrevd av hensyn til de formål loven skal fremme. Det må foretas en helhetsvurdering hvor det tas stilling til om det skal settes vilkår, og i tilfelle hvilke vilkår som skal settes. En kan ikke velge virkemiddel som går lenger enn det som er nødvendig for å ivareta de samfunnsinteressene som konsesjonsloven er ment å ivareta.»

Lenger ned i samme kapittel: «Departementet mener at et vilkår om boplikt som hovedregel bør innebære at den som skal bo på eiendommen skal ha eiendommen som sin reelle bolig. Dette bør derfor etter departementets mening sies klart i vilkåret. Hvis det ikke er meningen å stille krav om at en skal ta eiendommen som reell bolig, bør det klart framgå hvilken ordning en tenker seg. Gis konsesjon på vilkår av bortleie av huset til helårsbolig, bør vilkåret også angi hvor lenge boplikten skal vare».

Slik Landbruksdirektoratet tolker reglene, og sammenhengen mellom dem, mer enn antyder vi at det skal litt til for å avvike fra konsesjonsloven § 6 sin definisjon av innholdet i lovbestemt boplikt også i saker om vilkår om boplikt etter § 11.

Når lovgiver har kommet frem til at folkeregistrert adresse oppfyller kravet til «reelt bosted», kan vi vanskelig tenke oss at de formål konsesjonsloven skal fremme åpner for å gi anvisning på et annet innhold når boplikten følger som vilkår etter konsesjonsloven § 11. Vi viser herunder til Ot.prp.nr. 44 (2008-2009), pkt. 6.3.3.4 om fjerning av unntaket i dagjeldende konsesjonslov § 6 andre ledd at "Forslaget bidrar til regelforenkling fordi det bare blir én måte å oppfylle boplikten på."

Vi beklager at det har tatt altfor lang tid å besvare henvendelsen.

Med hilsen  
for Landbruksdirektoratet

Aud-Ingrid Krefting  
seksjonssjef

Mottakere:  
Fylkesmannen i Trøndelag

Kopi til:  
Landbruks- og matdepartementet Pb 8007 Dep

0030 OSLO

## Vedlegg 6



Skatteetaten

Vår dato 15.08.2019	Din dato	Saksbehandler Maren Nettet Lindstrøm
800 80 000 Skatteetaten.no	Din referanse	Telefon 69385575
Org.nr Skatteetaten	Vår referanse 2019/6242411	Postadresse Postboks 9200 Grønland 0134 OSLO

U.off. offl. § 13, folkeregisterloven § 9-1

Fylkesmannen i Trøndelag,  
Trine Gevingås  
Postboks 2600  
7734 STEINKJER

### Tilbakemelding på henvendelse til Folkeregisteret

Det vises til henvendelse mottatt 3. juli 2019 fra Fylkesmannen i Trøndelag. Fylkesmannen formidler et behov for en redegjørelse for hvordan Folkeregisteret håndterer opplysninger som mottas fra offentlige myndigheter i bostedssaker, spesielt i saker som kan gjelde fiktiv bostedsregistrering.

Folkeregisteret har som en hovedoppgave å etterstrebe et korrekt register, blant annet at alle bosatte i Norge er registrert bosatt på riktig adresse. Vi har flere kontrolltiltak som skal avdekke feil i bostedsregistrert adresse.

Ved ny folkeregisterlov- og forskrift av oktober 2017, ble det gjort pliktig for alle offentlige myndigheter og virksomheter å melde fra til Folkeregisteret dersom de oppdager avvik i registrerte opplysninger.

*Folkeregisterrskriften § 7-1. Offentlige myndigheters og virksomheters meldeplikt: Offentlige myndigheter og virksomheter skal uten hinder av taushetsplikt gi de meldinger og opplysninger som er nødvendige for registerføringen. Samme plikt gjelder når de i sitt arbeid blir kjent med opplysninger som avviker fra det som er registrert i Folkeregisteret.*

Folkeregisteret har et skjema til bruk for å melde avvik i folkeregistrerte opplysninger. Dette skjema, som er tilgjengelig på skatteetaten.no, kan benyttes av både offentlige og private, og alle tips til Folkeregisteret kan meldes via skjemaet. Samtlige tipsskjemaer som Folkeregisteret mottar tas til behandling.

Opplysningene i tipset vurderes opp mot opplysningene Folkeregisteret selv sitter med. Typiske bostedssaker er personer som ikke har meldt flytting til ny adresse. I disse tilfellene kontrolleres eieforhold av boligen, og dersom tipset kommer fra huseier og gjelder personer som har meldt fiktiv flytting til en adresse kan folkeregisteret opprette bostedssak og varsle/treffe vedtak om flytting til annen eller ukjent adresse for de personene som tipset omhandler

Uten en dokumentert begrunnelse, for eksempel der tipset gjelder personer som selv eier boligen de er registrert bosatt på, og eier selv bekrefter at han har overveiende døgnhvile der, er grunnlaget for svakt til



at Folkeregisteret kan treffe vedtak om flytting. I slike tilfeller blir vedkommende informert om regelverk og plikten til å melde flytting.

I andre saker har Folkeregisteret mottatt godt begrunnede og dokumenterte påstander om fiktiv bosetting, blant annet grunnet boplikt. I disse tilfellene er det gjort grundigere kontroller, for eksempel ved å innhente dokumentasjon på pendling. Folkeregisteret har også anledning til å innhente opplysninger fra tele- og strømselskap dersom det kan gi grunnlag i bostedssaker.

Samtlige tips til Folkeregisteret tas til vurdering, og jo mer dokumenterte og velbegrunnede påstandene er, desto bedre grunnlag har Folkeregisteret for å starte bostedssak.

Folkeregisteret mottar mange tips og håndterer taushetsbelagte opplysninger, og det ikke alltid mulig å gi noen konkret tilbakemelding til avsender av tipset. Direkte henvendelser i konkrete saker vil alltid bli besvart med de opplysningene vi har anledning til å utlevere.

Når det gjelder Fylkesmannens henvendelse der det påpekes at de får stadig flere tilbakemeldinger fra kommunale landbruksmyndigheter i slike saker, er det relevant å henvise til Skattedirektoratets høringsinnspill til endringer i konsesjonsloven og odelsloven m.v, ot-prp.nr 33 (2000-2001) pkt. 4.3.2.3 siste avsnitt: *Skattedirektoratet påpeker at folkeregisteret normalt ikke vurderer i ettertid hvor stort døgnhvileomfanget faktisk har vært. Folkeregisteret baserer som et utgangspunkt sin avgjørelse på det vedkommende selv sier. Det foretas bare en vurdering av disse opplysningene dersom forklaringen virker lite sannsynlig ut fra de øvrige opplysningene i saken. Skattedirektoratet peker for øvrig på at forslaget kan føre til flere taktisk motiverte flyttemeldinger, og dermed føre til økt saksbehandling for folkeregistrene.*

Vennligst oppgi vår referanse ved henvendelse i saken.

Med hilsen

Maren Nasset Lindstrøm  
Seniorrådgiver  
Informasjonsforvaltning, folkeregisteret  
Skatteetaten

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikke håndskrevne signaturer.*

## Vedlegg 7



Statsforvalteren i Oslo og Viken

Vår dato:

15.03.2024

Vår ref:

2024/5757

Deres dato:

Deres ref:

Saksbehandler, innvalgstelefon

Lene Karlstad,



### Spørsmål om folkeregistrert adresse og kontroll av boplikt

Vi viser til e-post fra deg 05.02.2024 med spørsmål om folkeregistrert adresse og kontroll av boplikt.

En som har ervervet en landbrukseiendom konsesjonsfritt fra nær slekt vil ha lovbestemt boplikt på eiendommen jf. konsesjonsloven § 5. Det følger av konsesjonsloven § 6 at erververen må ta eiendommen som sin reelle bolig. Og videre at eiendommen er å regne som reell bolig når eieren har folkeregistrert bostedsadresse på den aktuelle eiendommen. Dersom eier har folkeregistrert bostedsadresse på eiendommen, så verken kan, eller skal, kommunen eller statsforvalteren foreta ytterligere kontroller. Dette er nærmere omtalt i rundskriv M-1/2021 om konsesjon, priskontroll og boplikt.

Konsesjonsloven § 6 er endret et par ganger opp gjennom årene. Tidligere innebar vilkåret om reelt bosted at konsesjonsmyndighetene måtte kontrollere hvor eieren hadde sin overveiende døgnhvile. Regelendringen i 2009 kom som følge av et ønske om en forenklet oppfølging og kontroll for konsesjonsmyndighetene. Det er krevende å finne ut hvor noen sover mer enn 50 % av årets netter. Regelverket ble forenklet i den forstand at konsesjonsmyndigheten nå bare skal sjekke om vedkommende har folkeregistrert adresse på eiendommen eller ikke. Konsesjonsmyndigheten skal ikke kontrollere at folkeregistrert adresse er i samsvar med reelt bosted. Dette åpner for smutthull i regelverket. Kontrollfunksjonen ligger hos Skatteetaten.

Med hilsen

Helge Nordby  
seksjonssjef  
Landbruksavdelingen

Lene Karlstad  
seniorrådgiver

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

E-postadresse:  
[sfovpost@statsforvalteren.no](mailto:sfovpost@statsforvalteren.no)  
Sikker melding:  
[www.statsforvalteren.no/melding](http://www.statsforvalteren.no/melding)

Postadresse:  
Pb 325  
1502 Moss

Besøksadresse:  
Moss: Vogts gate 17  
Drammen: Dr. Hansteinsgate 9  
Oslo: Stensberggata 27

Telefon: 69 24 70 00  
[www.statsforvalteren.no/ov](http://www.statsforvalteren.no/ov)  
Org.nr. 974 761 319

## Vedlegg 8

**Fra:** Hammer, Elisabeth elisabeth.hammer@statsforvalteren.no  
**Emne:** Spørsmål vedrørende masteroppgåve om folkeregisteret og kontroll av buplikt  
**Dato:** 14. mars 2024 kl. 10:44  
**Til:** [REDACTED]



- Hei, og beklagar at det har tatt lang tid å svare ut e-posten din.

Etter konsesjonsloven § 6 er ein ervervar busett på eigedomen når denne er tatt som reell bustad. Så er det presisert at ein eigedom er tatt som reell bustad om eigaren er registrert busett på eigedomen etter regler fastsett i lov om folkeregistrering.

Både kommunane og Statsforvaltaren er såleis nøydd til å legge til grunn at buplikta er overheldt dersom eigaren blir registrert busett på eigedomen i folkeregisteret. Vi har heller ingen heimel i lov for å overprøve folkeregistreringa sjølv om det verkar opplagt at buplikta ikkje blir overheldt. Vi har derfor ingen tiltak knytt til å sikre at folkeregisteradresse samsvarar med faktiske buforhold, då dette ligg under Skatt sitt ansvarsområde. Som du skriv i e-posten kan ikkje kommunen gjere anna enn å melde frå om avvik til folkeregisteret. Vi er ikkje kjent med kva folkeregisteret gjer i dei sakane som blir melde inn.

Då kommunen ikkje kan overprøve folkeregisteret sin registrering, blir det heller ikkje klagesaker om dette.

Det er sjeldan at vi får saker som gjeld tvangssal som følgje av manglande oppfyljing av buplikta ved at registrering i folkeregisteret manglar. Frå Fylkesmannen i Vestfold og Fylkesmannen i Telemark blei slått saman som eit embete i 2019, har vi berre hatt to slike saker. Den eine løyste seg ved at ervervar selde eigedomen frivillig, og så har vi ein sak som blei oversendt Tingretten for kort tid sida og som er under behandling der.

Vi varsla Landbruks- og matdepartementet om utfordringane kommunane har når det gjeld folkeregistrering i eit uformelt møte høsten 2022, og i styringsmøte mellom ledinga hos Statsforvaltaren og ledinga i Landbruks- og matdepartementet og Landbruksdirektoratet no i februar 2024. Dei er såleis godt kjent med problemstillinga. I Svar til Stortinget den 29.02.2024, har statsråd Pollestad opplyst at departementet vurderer å senda på høyring forslag til nye innstramingar i konsesjonslova. Om dette og gjeld folkeregistrering/buplikt-spørsmålet, er vi ikkje kjent med.

Du spør og kva som kan vere ein hensiktsmessig løysing på problemet frå vårt perspektiv. Regelen om registrering i folkeregisteret er ein god måte å løyse spørsmålet på, då dette er ein regel som er lett for kommunane å følgje opp og som sikrar lik praksis i heile landet. Men dette forutsett at Skatt følgjer opp regelverket slik det er meint. Vi håpar at departementet og Skatt er i dialog om dette, og at utfordringane med at registreringane i folkeregisteret ikkje er reelle, blir tatt tak i.

Med vennlig hilsen  
**Elisabeth Hammer**  
seniorrådgiver



**Statsforvalteren i Vestfold og Telemark**

Telefon: 33 37 11 62  
E-post: elisabeth.hammer@statsforvalteren.no  
Web: www.statsforvalteren.no/vt

## Vedlegg 9

**Fra:** Benson, Margrethe margrethe.benson@statsforvalteren.no  
**Emne:** Svar på henvendelse vedrørende masteroppgave om boplikt  
**Dato:** 19. februar 2024 kl. 11:38



Hei,

Jeg viser til din e-post 05.02.2024 hvor du stiller interessante spørsmål om oppfølging/kontroll av boplikten i konsesjonsloven.

Her hos oss i Nordland har vi svært liten erfaring med de problemstillingene du har reist. Vi har ikke hatt noen saker hvor disse er satt på spissen.

Når det kommer spørsmål om hvordan boplikten oppfylles, svarer jeg ved å vise til konsesjonsloven § 6, dvs. at registrering i folkeregisteret avgjør om boplikten er oppfylt eller ikke.

For mange år siden hadde jeg en sak hvor det var 100% sikkert at eieren ikke bodde på eiendommen selv om han var folkeregisterført der. Kommunen fulgte opp både overfor Skatteetaten og folkeregisteret så vidt jeg husker, men kom ingen vei.

Så: dessverre ingen hjelp å få fra Statsforvalteren i Nordland.

Lykke til med masteroppgaven din, som nevnt det er interessante problemstillinger du reiser.

Med vennlig hilsen  
**Margrethe Benson**  
juridisk seniorrådgiver



**Statsforvalteren i Nordland**

Telefon: 75 54 78 62  
Mobil: 90 88 75 26  
E-post: margrethe.benson@statsforvalteren.no  
Web: www.statsforvalteren.no/no

## Vedlegg 10

Fra: "Vassenden, Vidar" <vidar.vassenden@statsforvalteren.no>  
Emne: Svar på spørsmål vedrørende masteroppgåve om folkeregisteret og kontroll av buplikt  
Dato: 19. februar 2024 kl. 14:52:43 CET  
Til: [REDACTED]

Hei,

Eg viser til din e-post datert 05.02.2024.

Først vil eg seie at det først og fremst er kommunane som følger opp buplikta. Sjå om kommunane og andre si mynde til å avgjere saker etter mellom anna konsesjonslova i denne forskrifta: [Forskrift om overføring av myndighet til kommunen, statsforvalteren, Landbruksdirektoratet og Direktoratet for mineralforvaltning etter konsesjonsloven, jordlova og odelsloven - Lovdata Pro](#) Viss det går så langt at tvangssal er aktuelt, må kommunane sende saka til oss. Det skjer ikkje så ofte. Vi er klageinstans for kommunane sine vedtak. Det er heller ikkje mange klagesaker i løpet av eit år.

Frå og med 07.07.2023 er det statsforvaltaren som avgjer søknadar om konsesjon til selskap med avgrensa ansvar (aksjeselskap) i første instans, sjå forskrifta det er lenka til over § 3. Også i slike saker kan det settast vilkår om buplikt med heimel i § 11. Statsforvaltaren i Vestland har hittil ikkje fatta vedtak der det er sett vilkår om buplikt i slike saker.

Under har eg kopiert inn dine spørsmål og legg mine svar inn under kvart av dei.

**- Er det er mange av desse sakene som vert klaga inn til Statsforvaltaren? Er det i såfall mogleg å få tilsendt noko statistikk på feltet? Kor mange saker får kommunane medhald i og eventuelt klagar?**

- Lovbestemt buplikt med heimel i konsesjonslova § 5 andre ledd. Statsforvaltaren i Vestland hadde i 2023 totalt tre klagesaker om konsesjon for erverv i nær familie. Ei av desse fekk avslag. To blei innvilga på vilkår.

- Buplikt etter konsesjonslova § 11 blir i tilfelle sett som eit av fleire mogelege vilkår for konsesjon. Ei klage kan difor gjelde vilkår av ulikt slag. Det gjer at vi ikkje har separate tal på klage for buplikt eller brot på buplikt etter § 11 . Skal vi finne tal må vi

difor gjere ei manuell teljing. Viss det er viktig for deg å få tal på dette, ber vi deg gi ei tilbakemelding, så skal vi sjå kva vi kan finne fram. Vi kan uansett slå fast at det er veldig få saker. Røynde medarbeidarar anslår talet til i snitt 1-2 i året.

- Eg har og skanna og lagt ved ein artikkel frå Nationen frå 09.02.2023. Denne viser at det ikkje er berre i Vestland at det er få klagesaker.

**- Kva er det som er mest utfordrande for Statsforvaltaren når det gjeld folkeregisteret og handheving av buplikt?**

Rundskriv M-2021-1 om konsesjon, priskontroll og buplikt ([M-2021-1 - Lovdata Pro](#)) seier i punkt 10.2.2 og 10.2.3 korleis oppfølging av buplikta skal skje.

Punkt 10.2.2 gjeld lovbestemt buplikt etter § 5:

*«Det går fram av konsesjonsloven § 6 at boplikten er oppfylt når eieren er registrert som bosatt på eiendommen etter regler fastsatt i eller i medhold av lov om folkeregistrering.*

*Skattekontoret avgjør om den som har meldt flytting, skal registreres som bosatt på nytt bosted eller ikke, se folkeregisterforskriften § 6-5-1 27 . Landbruksmyndighetene skal undersøke om eieren er registrert som bosatt på eiendommen, ikke om vilkårene for folkeregistrering er oppfylt.*

*Når ettårsfristen er ute, skal landbruksmyndigheten undersøke om eieren er registrert bosatt på eiendommen ved å henvende seg til skattekontoret eller ved en eventuell direkte nettilgang til folkeregisteret. Kommunen skal, avhengig av hva registeropplysningene viser, henvende seg til eieren med forespørsel om vedkommende eier er bosatt på eiendommen. Kommunens oppfølgingsansvar innebærer at den i løpet av femårsperioden med lovbestemt boplikt, regelmessig må undersøke om boplikten er overholdt. Dette skjer ved å undersøke om eieren er registret bosatt på eiendommen.»*

Punkt 10.2.3 gjeld oppfølging av avslag og vilkår for konsesjon. Mellom anna vil det gjelde buplikt som vilkår med heimel i § 11. Eg har streka under det som gjeld buplikt.

*«Det følger av konsesjonsloven § 17 første ledd første punktum at kommunen og statsforvalteren skal føre kontroll med at vilkår som er satt for konsesjon blir overholdt. Konsesjonsvilkår kan være svært forskjellige, og kommunen må ta konkret stilling til hvordan den mest hensiktsmessig kan følge opp de enkelte*



*vilkårene. Kommunen bør i den forbindelse påse at vilkår som er av en slik art at de krever jevnlig oppfølging, blir fulgt opp. Et eksempel på vilkår som krever varig oppfølging er hvor det er gitt konsesjon til aksjeselskap på vilkår av at noen skal bo på eiendommen. Andre vilkår om boplikt vil som oftest kunne følges opp på tilsvarende måte som for lovbestemt boplikt, se punkt 10.2.2.»*

Ein sjeldan gong kan det skje at ein nabo eller liknande rapporterer det dei meiner er brot på buplikta. Det kommunen eller vi då kan gjere, er å rapportere dette vidare til Skatteetaten. Det blir så opp til Skatteetaten å følgje saka opp vidare. I og med at buplikt eine og aleine er knytt til registrering i folkeregisteret, byr ikkje handhevinga isolert sett på særskilde utfordringar.

**- Korleis handterer Statsforvaltaren desse utfordringane, knytt til å sikre at folkeregistersadresse samsvarar med faktiske buforhold? Og kva kan dykk faktisk setje i gang av tiltak?**

Som nemnd under førre punktet er det Skatteetaten som avgjer om eigaren skal reknast som busett på eigedommen. Det tiltaket som er aktuelt for oss er å melde frå til Skatteetaten.

**- Kva vil vere ein hensiktsmessig løysing på problemet frå dykkar perspektiv? Er det nokre spesifikke ressursar eller tiltak som ville vore av nytte for å handtere desse utfordringane betre?**

Lovgjevar har valt den løysinga konsesjonslova § 6 heimlar. Viss buplikta skal ha eit anna innhald, må lova endrast. Eg kjenner ikkje til at det er teke initiativ for endring av regelen.

**- Skjer det mange tvangssal pga. mangel på oppfylging av buplikt og dermed manglande konsesjon?**

Det blir gjennomført svært få tvangssal. Færre enn eit i året i gjennomsnitt. I dei aller fleste sakene vel eigaren enten å busette seg på eigedommen eller selje den før tvangssal blir ein realitet.

**- Er det slik at Konsesjonsloven skal gjennomgå endringar i nærmaste framtid?**

Det er nok ikkje vi dei rette til å svare på.

Du må berre ta direkte kontakt på e-post eller telefon viss noko er uklart eller du treng ytterlegare opplysningar. I alle tilfelle ønskjer eg deg lukke til med oppgåva.

Med venleg helsing

**Vidar Vassenden**

seniorrådgjevar



**Statsforvaltaren i Vestland**

Telefon 57 64 30 64

: [vidar.vassenden@statsforvalteren.no](mailto:vidar.vassenden@statsforvalteren.no)

E-post: o

Web: [www.statsforvaltaren.no/vl](http://www.statsforvaltaren.no/vl)

# Vedlegg 11



Landbruks- og matdepartementet  
Postboks 8007 Dep  
0030 OSLO

Vår dato: 20.09.2019  
Vår referanse: 19/1036 - 90  
Deres dato:  
Deres referanse: 18/1434

## Tilgang til opplysninger i folkeregisteret ved kontroll av boplikt etter konsesjonsloven

Det vises til oversendelse fra dere 11. januar 2019, vedlagt henvendelse fra Fylkesmannen i Østfold (nå Fylkesmannen i Oslo og Viken).

Problemstillingen vi er bedt om å avklare, er om kommunens tilgang til opplysninger i folkeregisteret er tilstrekkelig til at kommunene får ivaretatt oppgaven med oppfølging av lovbestemt boplikt etter konsesjonsloven, samt oppfølging av vilkår om boplikt eller boplikt som følge av forskrift med nedsatt konsesjonsgrense. Dette som følge av reglene i konsesjonsloven § 6.

### Hva vi har gjort i sakens anledning

#### 1. Vår forespørsel til Skattedirektoratet

Det kreves hjemmel i lov for å kunne få utlevert taushetsbelagte opplysninger etter folkeregisterloven med tilhørende forskrifter.

I forespørsel av 28.1.2019 til Skattedirektoratet forklarte vi bakgrunnen for vår henvendelse. Vi stilte avslutningsvis to spørsmål, nemlig om Skatt Nord's svarbrev av 6.7.2018 og 1.8.2018 til Hol kommune om hvilke opplysninger som var underlagt taushetsplikt var korrekte, samt konkret om forhold rundt pendlerstatus. Vi kom også med bemerkninger om forankring av praksis i egen etat. Brevet ble sendt dere i kopi, men ligger også vedlagt her.

I svarbrev fra Skattedirektoratet til oss 7.2.2019 skriver Skattedirektoratet at folkeregisterloven § 9-1 oppgir flere typer opplysninger som ikke er underlagt taushetsplikt. Skattedirektoratet svarer at folkeregisterforskriften fastsetter taushetsplikt for historiske opplysninger om registreringsdato og flyttedato. Motsetningsvis da at opplysninger om registreringsdato og flyttedato for nåværende adresse ikke er taushetsbelagt. Skattedirektoratet fastslår at opplysninger om ev. pendlerstatus er ansett for å være en taushetsbelagt opplysning etter endringsforskrift av 30. april 2018 til folkeregisterforskriften. Det kom ikke bemerkninger til ev. behov for forankring av denne praksisen i egen etat. Brevet fra Skattedirektoratet ligger som vedlegg her.

---

Landbruksdirektoratet  
Org.nr: NO 981 544 315 MVA  
www.landbruksdirektoratet.no  
postmottak@landbruksdirektoratet.no

**Postadresse**  
Postboks 1450 Vika  
0116 Oslo, Norway  
Telefon: +47 78 60 60 00

**Besøksadresse**  
Stortingsgt. 28, 0161 Oslo  
Løkkeveien 111-0301, 9510 Alta

## 2. Forespørsel til kommunene

I e-post 1.3.2019 til fylkesmannsembetene ba vi embetene videresende følgende tre spørsmål til alle kommuner:

1. Hvilke opplysninger etterspør dere/har dere behov for fra Folkeregisteret ved kontroll av om boplikt oppfylles?
2. Opplever dere vanskeligheter med å få nødvendige opplysninger fra Folkeregisteret? (hvis ja, kom gjerne med eksempler)
3. Er det andre sider ved tilgang til informasjon, eller samarbeid med, Folkeregisteret dere ønsker å nevne?

Innen svarfristen 20.3.2019 hadde vi fått svar fra 105 kommuner. Svarene gjennomgås i noe mer detalj i vedlagt internt notat.

Oppsummert har kommunene i hovedsak behov for å få opplysninger om:

- Tilflyttingsdato til nåværende adresse.
- Opplysninger om ev. pendlerstatus.
- Historisk informasjon om bostedsadresse(r) og –perioder.
- Sivilstatus.
- Bostedsadresse på ev. samboere, ektefeller, barn.

Kommunene svarer ulikt på spørsmålet om de får den informasjonen de trenger fra Folkeregisteret. Ut fra svarene, kan det uansett konstateres at det er potensial i kommunenes tilgang på dialog, generell informasjon og samarbeidsarenaer med Folkeregisteret.

Kommunene opplever seg blant annet som for lite informert om hva og hvordan Folkeregisteret arbeider med tips. Videre oppleves Folkeregisteret til dels som vanskelig å komme til inngrep med.

Informasjon som kommunene etterspør er: Hva Folkeregisteret faktisk kan gjøre i den enkelte sak, hva Folkeregisteret kan undersøke eller endre på på bakgrunn av en mistanke om feil i folkeregistrert adresse, og generell informasjon om hvordan eventuelle tips blir fulgt opp.

## 3. Vår forespørsel om møte med Skattedirektoratet

Etter spørreundersøkelsen hos kommunene konkluderte vi med at vi gjerne ville gå i dialog med Skattedirektoratet for å sikre ivaretagelse av kommunenes behov for informasjon, og sammen se på mulighetene for ev. samarbeid og innretning på en ev. hjemmel. Vi tok derfor kontakt med Skattedirektoratet per telefon i mars/april for å be om et møte.

Skattedirektoratet så imidlertid ikke samme behov for et møte. Skattedirektoratet formidlet rimelig tydelig at tolkningen av 7.2.2019 etter deres mening var dekkende, og at de vurderte det som mer formålstjenlig at vi arbeidet med å skaffe en lovhjemmel for sikre kommunene tilgang til nødvendige taushetsbelagte opplysninger. Vi har ikke forfulgt møtesporet videre i tiden etter mars i år.

### **Veien videre**

Det synes klart for Landbruksdirektoratet at det bør utarbeides en hjemmel for innhenting av nødvendige opplysninger om folkeregistrert adresse hos Folkeregisteret i samband med oppfølging av boplikten etter konsesjonsloven.

Parallelt med dette bør Landbruksdirektoratet trolig gjenta forespørselen om et møte med Skattedirektoratet. I et slikt møte kan også kommunenes generelle behov for informasjon, og muligheter for et visst samarbeid med Folkeregisteret, drøftes.

Avslutningsvis beklager vi at det har tatt tid å besvare oppdraget.

Med hilsen  
for Landbruksdirektoratet

Berit Lundamo  
fung. seksjonssjef

Aud-Ingrid Krefting  
seksjonssjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og trenger derfor ingen signatur.

Mottakere:  
Landbruks- og matdepartementet Postboks 8007 Dep 0030 OSLO

Vedlegg:  
Internt notat om tilbakemeldinger fra kommunene U.OFF.  
Fra Ldir til Skattedir 280119  
Svar fra Skattedirektoratet 070219